


Tilrettelegging av arkeologiske kulturminne i Hordaland

Rapport til Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne BARK





Bautastein på Årbakkavollen, Tysnes kommune

1. Forord	3
2. Tilrettelagte arkeologiske kulturminne i Hordaland	4
2.1 Skjøtsels og tilretteleggingsarbeid i Hordaland	4
2.1.1. Samarbeid ved utarbeiding av BARK-prioritering	5
3 Oversikt over skilta arkeologiske kulturminne	5
4 Tilrettelagte kulturminne - Større prosjekt	7
Skipshellaren, Vaksdal kommune ID 15917	7
Hæreidterrassen, Eidfjord kommune	8
Kulturløypa Halsnøy Kloster, Kvinnherad kommune	9
4.1 Middels prosjekt	10
Kulturløype – Fitjar kommune	10
Fosenstraumen kulturløype - Radøy og Austrheim kommune	11
Gravrøyser i Hystadmarka, Stord kommune	12
Gjerstad – Kultursti i gardslandskapet. Osterøy kommune	13
Bakke, Jondal kommune ID 105587	14
Bruteigsteinen, Etne kommune ID 90158	14
Duesteinen, Vinja, Etne kommune ID 90133	15
Skålgropstein Tveitane, Ullensvang kommune ID 105726	15
Hustuft Sunde, Kvinnherad kommune ID 95872	16
Salthammaren, Vangdal, Kvam herad ID 97522	17
Hjølmo – Viveland. Kultursti	18
Øvre Eidfjord - Kultursti	19
Lægreid – Vik. Kultursti	20
4.2 Mindre prosjekt	21
Hespriholmen, Bømlo kommune ID 90573	21
Siggjo, Bømlo kommune ID 6716 med fleire	21
Gravfeltet på Seim, Odda kommune – Fleire lokalitetar	21
Sokkamyro og steinalder, Bømlo kommune	22
Vargavågen, Os kommune Fleire lokalitetar	23
Nausstuft Stend, Bergen kommune ID 55451	23
Gravhaug Sedalen, Bergen kommune ID 60467	24
Gravfelt på Larsstø, Sjo, Kvinnherad kommune ID 72972	24
Huglo, Stord kommune ID 60602	24
Gravfelt Årbakka, Tysnes kommune ID 35534	24
Lekve, Ulvik ID 66539	25
Helgaberg, Stødleterrassen, Etne kommune ID 90164	25
Gravrøy Kvitanes, Sveio kommune ID 106002	25
Tjoberghaugen, Halsnøy, Kvinnherad kommune ID 6386	25
Uggdalsdalen, Tysnes kommune Fleire lokalitetar	26
Håkonshaugen Lindås kommune ID 66400	26
Vilomshaugen, Etne kommune ID 129921	26
Gravfeltet på Ebna, Etne kommune ID 90205	26
Håhaugsteinen, Ullensvang kommune ID 101639	27
Kulturmiljø Stødleterrassen, Etne kommune	28
Borgaråsen, Etne kommune ID 90166	28
Mattisbrekka – Fusa kommune ID 64091	28
Kulturminnemiljø Seimsfoss Kvinnherad kommune	29
Kulturminnemiljø Skåla Kvinnherad kommune	29
Bjelland, Kvinnherad ID 45425 og 35829	29
Skiparstod, Ullensvang kommune ID 100973	30
Krekjahaugen, Borgundøy, Kvinnherad kommune ID 15776	30
Kikedalen – Fusa kommune ID 64084	31
Revhaugen, Vinnes, Fusa kommune ID 64090	31
Tysneset, Tysnes kommune. ID 45567, 100121, 100122	32
Håskru og Lyngholm, Sveio kommune. ID 106028, 106029	33
Steinalderbuplass Geitalemen, Sveio kommune. ID 106016	33

Kulturløype i Herand, Jondal kommune	33
5 Prioriterte kulturminne for tilrettelegging	34
5.2 Tilretteleggingstiltak – generelt	35
6 Universell utforming	35
7 Prioriteringsliste for tilretteleggingar i kommunane	36
Askøy kommune	36
Austevoll kommune	38
Austrheim kommune	41
Bergen kommune	43
Bømlo kommune	46
Eidfjord kommune	48
Etne kommune	51
Fedje kommune	54
Fitjar kommune	56
Fjell kommune	58
Fusa kommune	60
Granvin herad	63
Jondal kommune	65
Kvam herad	68
Kvinnherad kommune	71
Lindås kommune	74
Masfjorden kommune	76
Meland kommune	78
Modalen kommune	80
Odda kommune	82
Os kommune	84
Osterøy kommune	86
Radøy kommune	88
Samnanger kommune	90
Stord kommune	92
Sund kommune	95
Sveio kommune	98
Tysnes kommune	101
Ullensvang	104
Ulvik herad	106
Vaksdal kommune	108
Voss kommune	110
Øygarden kommune	113
Litteratur	115
Vedlegg	116

1. Forord

Prosjektet Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne (BARK) er ei tiårig satsing på skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø i regi av Riksantikvaren. Målet er at eit representativt utval av automatisk freda kulturminne skal vera sikra og gjort tilgjengelege for publikum innan 2020. Det skal vera eit tilrettelagt arkeologisk kulturminne i alle kommunar. Ein skal trekkja fram eit utval av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø som sikrar god geografisk og tematisk breidde.

I samband med prosjektet skal dei ulike fylkeskommunane utarbeida ei oversikt over kva kulturminne som allereie er tilrettelagt, og ei prioriteringsliste over kva arkeologiske kulturminne som ein ynskjer leggja til rette. Denne informasjonen skal fyllast inn i eit elektronisk skjema. Bergkunstlokalitetar er i hovudsak ikkje inkludert i prosjektet då desse er omfatta av bevaringsprogrammet for bergkunst; BERG.

Rapporten omfattar ei skildring av dei eksisterande tilretteleggingsprosjekta i Hordland fylkeskommune, samt ei oversikt over prioriterte, nye tilretteleggningar. Då arbeidet vart utført i perioden januar til mars er det ikkje gjennomført synfaringar i samband med prosjektet. Alle kommunane i fylket er informert om prosjektet og er invitert til å komma med innspel. Universitetsmuseet i Bergen er informert om den ferdig utarbeidde lista, og er invitert til å komma med innspel. Rapporten er utarbeidd i perioden 1. januar - 31. mars 2012.

Arbeidet med BARK-prosjektet er gjennomført av Hordland fylkeskommune ved arkeolog Solveig Lohne Rongved.

2. Tilrettelagte arkeologiske kulturminne i Hordaland

Det er ei rekkje eksisterande tilretteleggingar av arkeologiske kulturminne i Hordaland. Prosjekta er initiert av Hordaland fylkeskommune, kommune, grunneigar, Universitetsmuseet i Bergen (før Bergen Museum) eller lokale initiativtakrar i form av lag, organisasjonar, lokalmuseum eller einskildpersonar. Ofte er prosjekta samarbeidsprosjekt mellom fleire aktørar.

Dei eksisterande tilretteleggingane er i hovudsak skildra i kapittel 4. Einskilde unntak er gjort der det er gjort lokal tilrettelegging på svært lågt nivå, utan samarbeid med fylkeskommunen. Dette kan vera tilfelle der det er rydda stiar men ikkje skilta, eller der det er skilta men me ikkje kjenner til innhaldet på dette skiltet. Der desse prosjekta er tenkt oppgradert er den eksisterande tilrettelegginga berre skildra i kapittel 7.

2.1 Skjøtsels og tilretteleggingsarbeid i Hordaland

Det er gjort ei rekkje tilretteleggingar av automatisk freda arkeologiske kulturminne i Hordaland sidan fylkeskommunen vart regional kulturmennemynde i 1990. Fleire av desse prosjekta er gjort i samarbeid med den aktuelle kommunen, Universitetsmuseet i Bergen, lokale lag og museum, grunneigarar, privatpersonar med fleire.

Det er i tillegg gjort fleire tilretteleggingar lokalt, utan samarbeid med fylkeskommunen.

Gjennomføring av skjøtsel- og tilretteleggingsarbeid er ei oppgåve det er venta at fylkeskommunen skal ta hand om. Fylkeskommunen er rette mynde etter kulturminnelova til å gjennomføra denne typen arbeid for automatisk freda kulturminne. Ressursane til denne typen arbeid er avgrensa. Dette gir utfordringar knytt til oppfølging, vedlikehald og kontroll av eksisterande tilretteleggingar så vel som oppstart av nye prosjekt. Gjennomførte prosjekt skjer i stor grad som svar på lokale initiativ og ynskjer, og mange prosjekt har vore i systemet i lang tid utan at det er funne ressursar til gjennomføring.

Hordaland fylkeskommune har ikkje ein vedteken plan for skjøtsel og tilrettelegging av automatisk freda kulturminne. Ei intern liste over viktige kulturminne i Hordaland er utarbeidd tidlegare, og er i stor grad nytta som grunnlag for prioriteringane for BARK. I 2009 gjennomførte Hordaland fylkeskommune eit skjøtselsplanprosjekt for arkeologiske kulturminne med midlar frå Riksantikvaren. I samband med dette arbeidet vart det sendt ut brev til dei fleste kommunar i fylket med spørsmål om innspel til val av arkeologiske kulturminne, og framlegg til arkeologiske kulturminne som kunne vera eigna for tilrettelegging og formidling. Store delar av prioriteringslista til Hordaland er basert på dei innspel og det arbeidet som vart gjort under dette prosjektet. I tillegg har me innarbeidd mottekne innspel frå kommunane i samband med BARK-prosjektet.

2.1.1. Samarbeid ved utarbeiding av BARK-prioritering

Det vart sendt ut brev til kommunane med informasjon om prosjektet og spørsmål om innspel. Brevet gjekk ut 18.januar 2012, og svarfrist vart sett til 20. februar 2012. Av 33 kommunar kom det skriftleg innspel innan fristen frå Sveio, Eidfjord og Odda kommune. Bergen, Askøy, Tysnes og Kvinnherad kom med innspel etter at fristen var gått ut, men innspela deira vart likevel tatt med. Meland kommune kontakta fylkeskommunen per telefon, og Radøy og Austrheim kommune vart kontakta per telefon i samband med eit tilsvarende arbeid, og prosjektet vart då diskutert. I stor grad var innspela frå kommunane til BARK-prosjektet mykje samanfallande med dei tankar fylkeskommunen sjølv hadde om gode prosjekt i kommunane.

Hordaland fylkeskommune gjorde som vist i kapittel 2.1. eit arbeid med å identifisera objekt for tilrettelegging i 2009 og kontakta då ei rekke kommunar. Fleire kommunar kom med innspel den gong.

Etter at prioriteringslista var ferdig utarbeidd vart denne sendt til Universitetsmuseet i Bergen som informasjon til museet, og for å få eventuelle kommentarar.

3 Oversikt over skilta arkeologiske kulturminne

I januar 2012 har Hordaland fylkeskommune 37 formidlingsskilt for arkeologiske kulturminne, og eitt skilt om turvegar der ein automatisk freda lokalitet er nemnt som turmål. Formidlingsskilta er fordelt på 25 ulike tilretteleggingsprosjekt i 16 kommunar. I tillegg er der to bergkunstlokalitetar der det ikkje er sett opp formidlingsskilt (Helgaberg og Duesteinen i Etne kommune).

Tematisk fordeling av formidlingsskilt:

Bergkunst: 4 skilt fordelt på fire ulike prosjekt

Gravminne: 14 skilt fordelt på elleve ulike prosjekt


Tuft (naust+ hus): 2 skilt fordelt på to prosjekt

Steinalder: 13 fordelt på 4 ulike prosjekt


Samleskilt med diverse: 5

Det er i dag ei overvekt på tilretteleggingar sør for Bergen. Små utkantkommunar er lågt representert med tilrettelagte kulturminne. Noko av dette kan skuldast inn på at nokre små kommunar, som til dømes Fedje, har svært få registrerte arkeologiske kulturminne. Anna tematisk og geografisk fordeling reflekterer reell geografisk førekomst av dei ulike kulturminnekategoriene.

Kartet under viser ei oversikt over fylkeskommunen sine kulturminneskilt for arkeologiske kulturminne per januar 2012. Raude kommunar har ingen fylkeskommunale skilt for automatisk freda kulturminne. Lys grøn tyder at kommunen har eitt tilretteleggingsprosjekt. Mørk grøn tyder to eller fleire tilretteleggingsprosjekt i kommunen. Det er ikkje tatt omsyn til lokale tilretteleggingar eller tilretteleggingar som ikkje inkluderer kulturminneskilt.



Dersom ein gjennomfører det høgast prioriterte tiltaket i kvar kommune vil fordelinga sjå slik ut:



4 Tilrettelagte kulturminne - Større prosjekt

Større prosjekt er rekna som tiltak som omfattar guiding, publikumsanlegg, eller liknande, eller større kulturløyper.

Skipshellaren, Vaksdal kommune ID 15917

Skipshellaren i Vaksdal kommune er arkeologisk undersøkt og det er mykje informasjon om kulturminnet. Kulturminnet er skilta frå hovudveg, der det er laga til parkering. Det er tillaga sti med trapper og rekkverk frå parkering til kulturminnet. Ved lokaliteten er der eit formidlingsskilt i regi av Hordaland fylkeskommune.

Nedanfor kulturminnet ved sjøen er det laga til eit publikumsanlegg. Her er satt opp eit ope grindbygg med to veggar, her er toalett, brygge med universell utforming, bålpass, benkar og aktivitetssområde. Det er informasjon om kulturminneområdet på nettsidene til kommunen, og her er organisert bruk med guide og aktivitetsopplegg for skuleborn, òg frå andre kommunar. Tilrettelegginga er eit kommunalt prosjekt, og kommunen har søkt om og motteke spelemidlar til gjennomføring av arbeidet. Kommunen har mål om at alle skuleelevar skal vitja skipshellaren i løpet av skuletida. Lokaliteten er i tillegg 1000års staden til Vaksdal kommune.

Det er ingen skjøtselsavtale eller skjøtselsplan for området. Kommunen har ein avtale med grunneigar, og tar seg av området. Eit risikomoment er at det har komme ned stein frå knausen over hellaren. Kommunen er kjend med dette, og vurderer faren som liten. Formidlingsmessig og besøksmessig fungerer anlegget og området svært godt. Tilrettelegginga av området er eit kommunale initiert og gjennomført prosjekt. Skipshellaren ligg om lag midt i biletet under. Ved sjøen til venstre i biletet kan ein skimta publikumsbygga.

BARK: Nei

Nivå: Stort

Prioritet 1 Vaksdal kommune



Hæreidterrassen, Eidfjord kommune

På Hæreidterrassen i Eidfjord ligg eit av dei største gravfelta frå jernalder i Noreg. Her er registrert om lag 351 fornminne, og mange fleire er fjerna opp gjennom åra. Området er eit jordbrukslandskap der lokalitetane for det meste ligg i skogkledde område mellom jorder. Jordene er omkransa av steingardar laga av stein frå fjerna gravrøyser.

I 2000 vart Hæreidprosjektet gjennomført med stønad frå kommune, fylkeskommune, og EU gjennom North Sea Viking Legacy programmet. Det vart laga ei kulturløype med skilt og brosjyre for formidling, og ein beiteavtale med ein av grunneigarane skulle syta for skjøtsel. Prosjektet skulle formidla eldre og nyare tids kulturminne. Kulturløypa har parkeringsplass, to informasjonstavler og ein folder som formidlar lokalitetane. Her er rastepllass, merka sti, og løypa går dels langs opparbeidde stiar og dels langs eksisterande traktorvegar.



Opphør av beiting i området har no ført til attgroing, og tilrettelegginga er därleg vedlikehalden. Det er stor trøng til oppgradering av publikumsanlegget og utarbeiding av skjøtselsplan for rydding og vedlikehald av kulturminneområdet. Det har ved to tidlegare høve vore utarbeidd skjøtselsplan, men utan at desse planane har ført til varig vedlikehald.

Eidfjord kommune ynskjer ta tak i prosjektet og har starta prosessen med å laga nye avtaler med grunneigarane. Det er kommunalt ynskje om oppgradering av området til god standard og dersom mogleg utviding av prosjektet for å knyta området til andre frilufts- og rekreasjonsområde for å auka bruken av området. Toalettanlegg kan då vera eit tiltak som vil vera aktuelt. Området trekk til seg turistar frå cruiseskip, og er ein viktig sjåverdigheit. Skikkelege anlegg vil gjera området meir eigna til dette.

Eksisterande tilrettelegging formidlar alle lokalitetane i området. Utheva skrift tyder at lokaliteten er særskild nemnt i foldaren, og er lagt inn i BARK-skjemaet.

ID 102127	ID 110228	ID 102159	ID 110850
ID 141355	ID 114580	ID 110851	

BARK: Ja. Oppgradering

Nivå: Stort

Prioritet 1 Eidfjord kommune

Kulturløypa Halsnøy Kloster, Kvinnherad kommune

Kulturløypa Halsnøy Kloster er eit samarbeidsprosjekt mellom Hordaland fylkeskommune, Sunnhordland Museum, Venelaget Halsnøy Kloster, Kvinnherad kommune og grunneigar. Tilrettelegginga vil omfatta ei rekke lokalitetar. Her er eit gravfelt (ID 45428), ei nausttuft (ID 94613), ein skålgrupstein (ID 72963) og eit gravminne/tingstad (ID 72965).

Kulturløypa er under opparbeiding, og delar av den vil vera ferdigstilt juni 2012. Her er gjort omfattande skjøtselsarbeid. Nokre av lokalitetane - ID 45428 og 94613 - er svært utsett for tråkk og slitasjeskader. Desse lokalitetane ligg i eit svært vått område, der kulturminna er dei tørreste områda. Tråkk frå turgåurar og andre som nyttar området vert difor konsentrert til nettopp kulturminna. Som eit kombinert sikrings- og tilretteleggingstiltak er det i samråd med Universitetsmuseet i Bergen planlagt kavlebruar i tre for å styra tråkken utanom einskildminna. Eit anna tiltak for å sikra kulturminna er inngjerding så storfe ikkje lenger kjem inn i dette området. Kulturløypa vil elles verte skilta med informasjonstavler og merka med retningskilt og merkestokkar. Her vert sett inn gjerdeklyv og sjølvlukkande grinder der dette er naudsynt.

Då løypa er knytt nært til Halsnøy Kloster der det er toalettmoglegheiter, parkering, med meir er prosjektet rekna som ”Stort”.

BARK: Nei



4.1 Middels prosjekt

Dette er prosjekt som har meir enn berre skilt og skjøtsel. Anten er det kulturløyper med fleire lokalitetar og fleire skilt eller brosjyre, eller det er einskildminne med rampe eller sikringsanlegg, som til dømes bergkunstlokalitetar med rampe, plattform, gjerde eller liknande.

Kulturløype – Fitjar kommune

I 2009/10 vart ei gravrøys frå bronsealder ”Rimsvarden” nær sentrum i Fitjar skjøtta og tilrettelagt for formidling i samarbeid mellom Fitjar kommune, Hordaland fylkeskommune og lokale aktørar. Her vart gjort omfattande vegetasjonsskjøtsel, opparbeiding av sti med trapper, og det vart satt opp skilt. Den lokale barneskulen nyttar området aktivt.

Fitjar kommune gjorde ei svært stor innsats både praktisk og økonomisk, og samarbeidet var svært godt. Som vidareføring av dette vart det i 2011 gjennomført skilting av ytterlegare kulturminne og historiske stader i og nær sentrum, og desse postane dannar ei kulturløype i lett gangavstand frå sentrum. Skilta på postane langs stien formidlar informasjon om Håkon den gode, Kongsbrønnen, Kyrkje, og Rimsvarden.



Det er trong til nytt skiltstativ for skiltet ved Rimsvarden. Det er elles ingen tankar om vidare oppgradering av tilrettelegginga.

På skilta er avmerkt andre lokalitetar i området, mellom anna:

ID 16130	ID 84143	ID 35742	ID 55505	ID 64055
ID 122460	ID 109139	ID 6296	ID 84143	

BARK: Nei

Fosenstraumen kulturløype - Radøy og Austrheim kommune

Fosenstraumen er eit sund som ligg mellom Radøy og Austrheim kommune, og kommunane vert knytt saman av ei bru som kryssar sundet. Her er registrert eit svært stort tal steinalderlokalitetar på begge sider, og nokre av desse er utgrave i samband med bygging av brua. Steinalderstien på Straume strekkjer seg over begge sider av sundet, og kan fungera som ei samanhengande løype eller to separate. Det er parkering og hovudskilt i kvar kommune, og det er skilta til løypa frå hovudveg. Det er ikkje skjøtselsplan for området.

Kulturløypa informerer om steinalder i området generelt, samt at nokre lokalitetar er trekt særskild ut. Her er eit hovudskilt på parkeringsplass, og einskilde skilt ved postar langs den merka stien. Hovudskilta i løypa har kart over alle dei lokalitetane som var kjent i området då skilta vart satt opp. I dag er følgjande lokalitetar kjent i området, og må reknast som formidla gjennom kulturløypa: Utheva skrift tyder at lokaliteten er særleg nemnt på eigne skilt.

ID 25560	ID 25561	ID 66704	ID 25771	ID 66458	ID 25770	ID 6476	ID 55438
ID 15842	ID 15844	ID 55440	ID 55262	ID 55263	ID 25557	ID 15841	ID 60573
ID 15843	ID 16070	ID 36150	ID 25772	ID 35465	ID 90828	ID 66703	ID 60576
ID 6696	ID 90958	ID 36151	ID 55439	ID 90683	ID 90966	ID 60574	ID 45505
ID 90833	ID 90838	ID 25769	ID 25554	ID 25555	ID 36149	ID 60575	ID 55261
ID 90961	ID 25559	ID 45734	ID 25556	ID 25558	ID 35469	ID 45736	ID 45504
ID 6477	ID 55260	ID 45735	ID 6695	ID 25562	ID 25563	ID 35466	ID 35467
ID 90682	ID 90684	ID 35468	ID 6697				

Prosjektet vart gjennomført på 1990-talet, og tilrettelegginga er i dag av varierande tilstand.

Oppgradering er satt i gong av den delen av stien som ligg i Austrheim kommune. Både kommunar ynskjer heva tilrettelegginga gjennom oppgradering, betre formidling, og tillaging av publikumsanlegg med toalett og eventuelt aktivitetssenter. Merkast oppatt og skjøtselsplan.



BARK: Ja Oppgradering

Nivå: Middels Oppgradering til stort

Prioritet 1 Austrheim kommune og Radøy kommune

Gravrøyser i Hystadmarka, Stord kommune

Hystadmarka er eit naturreservat der det ligg ei rekke gravrøyser. Her er ein kultur- og natursti i området som formidlar natur og kulturminne. Tilrettelegginga er frå 1990-talet, og det er ikkje nokon eigen skjøtselsplan for dei automatisk freda

To av einskildminna nærmast stien er skilta, og andre arkeologiske kulturminne i området er avmerka med punkt på hovudkart. kulturminna i området. Dei følgjande lokalitetane er avmerkt på skiltet. Lokalitetar med uthøva skrift er òg formidla gjennom eigne skilt langs stien.

ID 25602	ID 6040	ID 55291	ID 15868	ID 66490	ID 66491
ID 35508	ID 55292	ID 25601	ID 66489	ID 35507	



Det bør gjennomførast skjøtsel av gravminne langs stien og ytterlegare formidling av gravminna i området, så framt dette er tilrådeleg i høve til naturreservatet. Dette må utredast før ei eventuell oppgradering av tilrettelegginga kan ta til. Dersom det ikkje er tilrådeleg med ytterlegare tilrettelegging vil ein ikkje gå vidare med dette prosjektet. Det er tidlegare tildelt midlar frå Riksantikvaren til nye skilt, og desse vil verte produsert og sett opp. Det bør utarbeidast ein skjøtselsplan for lokalitetane i området. Ein slik plan bør lagast i samråd med forvaltarar av naturreservatet.

BARK: Oppgradering


Nivå: Lite/middels

Prioritet 1 Stord kommune

Gjerstad – Kultursti i gardslandskapet. Osterøy kommune

På Gjerstad på Osterøy er det ei kulturløype som formidlar arkeologiske og nyare tids kulturminne. Her er fleire gravfelt frå jernalderen, og nyare tids kulturminne i form av geil, steingardar og liknande. Løypa vart laga til som samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Osterøy Museum, samt grunneigar kring 2008.

Her er eit hovudskilt på parkeringsplass ved kyrkja, og dette er universelt tilgjengeleg. Løypa går i hovudsak på traktorveg og ender opp ved Osterøy Museum. Her er laga ein folder som kan hentast på Osterøy Museum, og denne skildrar dei ulike postane langs løypa.



Dei følgjande kulturminnelokalitetar er formidla gjennom kulturløypa. Utheva skrift tyder at lokaliteten er særleg nemnt på skilt.

ID 135899	ID 111239	ID 111240	ID 15830	ID 45496	ID 111237
ID 15829	ID 66440	ID 35910			

På sikt kan løypa oppgraderast til å nytta gamle ferdslevegar og komma til andre kulturminnelokalitetar i nærområdet, og merking av turvegar i tilknyting til løypa kan føra til auka bruk og kjennskap til tilrettelegginga.

BARK: Ja, Oppgradering

Nivå: Lite-middels

Prioritet 2 Osterøy kommune

Bakke, Jondal kommune

ID 105587

Bergkunstlokaliteten Kaldhagen på Bakko i Herand, Jondal er tilrettelagt med skilt og sti. Her er gjort sikringstiltak for å syta for at vitjande ikkje skadar berget, i form av steinar med kjetting mellom kring berget. Dette fungerer godt.

BARK: Nei. Lokaliteten fell inn under BERG programmet.



Bruteigsteinen, Etne kommune

ID 90158

Bruteigsteinen er ein bergkunstlokalitet som er tilrettelagt med skilt, gjerde og plattform. Her er parkering ved enden av bilveg, og ein føl ein traktorveg herfrå og til lokaliteten. Det er informasjon ved parkeringsplassen om at her er kulturminne i nærleiken. Den eksisterande tilrettelegginga er eit prosjekt frå 1990-talet gjort av Universitetsmuseet i Bergen og Hordaland fylkeskommune.

Kommunen informerer kort om lokaliteten under ”attraksjonar” på heimesida si. Lokaliteten har framlegg til skjøtselsplan gjennom bergkunstprosjektet, men denne er ikkje gjennomført. Skiltet er svært slitt og ikkje leseleg.

Steinen med ristningar ligg på kanten av ei skråning, og her er eit problem med at skråninga eroderer vekk under plattingen framfor steinen. Lokaliteten treng ein vedteken skjøtselsplan og nytt formidlingsskilt. Lokaliteten treng nytt formidlingsskilt og skjøtselsplan, og gjerdet kring steinen må utbetrast. Kan hende bør det setjast inn sjølvlukkande grind i gjerdet.



BARK: Nei. Lokaliteten fell inn under BERG programmet.

Duesteinen, Vinja, Etne kommune

ID

90133

Duesteinen er ein bergkunstlokalitet på Vinja. Lokaliteten er tilrettelagt med parkeringsplass med rastepllass, sti til kulturminnet og plattform. Her er eit forbodsskilt men ikkje eit informasjonsskilt. Kommunen informerer kort om lokaliteten under "attraksjonar" på heimesida si.

Steinen er litt skjør, og er sårbar for skade. Det er utarbeidd framlegg til skjøtselsplan gjennom Bergkunstprosjektet. Den eksisterande tilrettelegginga vert ikkje vedlikehalden og er no i ferd med å gro til.

BARK: Nei. Lokaliteten fell inn under BERG programmet.



Skålgropstein Tveitane, Ullensvang kommune

ID 105726

Lokaliteten er ein skålgropstein som ligg i eit svært populært turområde. Tilrettelegginga var eit samarbeid mellom heradet og fylkeskommunen, samt Universitetsmuseet i Bergen. Her er gjort konservering, og lokaliteten er tilrettelagt med trapp, rampe og informasjonstavle. Det er veg og parkering tett ved kulturminnet. Lokaliteten er mykje nytta av den lokale skulen til formidling.

BARK: Nei. Lokaliteten fell inn under BERG programmet.



Hustuft Sunde, Kvinnherad kommune

ID 95872

Her er funne ei hustuft frå folkevandringstid, men òg spor av at området i tillegg har vore i bruk i eldre og yngre steinalder, og tidleg bronsealder. Hustufta er utgraven og ein har difor mykje informasjon om den. Hordaland fylkeskommune har tilrettelagt lokaliteten for formidling ved skilting, og markering på overflata. Stolpar markerer stolpehol, og tømmerstokkar veggrøfter.

Tufta ligg i eit beitelandskap og vert skjøtta ved beite av småfe. Åkra skule nytta staden aktivt i samband med skulearbeid, og Hordaland fylkeskommune har ved fleire høve ved

førespurnad frå skulen stilt med arkeolog til formidling av tufta i felt.
Tilrettelegginga fungerer tilsynelatande godt, og tilstand er god.

BARK: Nei



Salthammaren, Vangdal, Kvam herad

ID 97522

Bergkunstlokaliteten Salthammaren, Vangdal i Kvam herad er tilrettelagt for formidling. Ved vegen er her laga til ein rastepllass, og her er det sett opp ei informasjonstavle. Her er ein sti ned til lokalitetane. Gjerder sikrar bratte område mot publikumsskade, og ramper, plattformar og gjerder legg til rette for at ein lett skal kunna sjå ristningane. Tilrettelegginga vart gjort av Hordaland fylkeskommune, Kvam herad og Universitetsmuseet i Bergen.



BARK: Nei. Lokaliteten fell inn under BERG programmet.



Hjølmo – Vivelid. Kultursti Eidfjord kommune

Mellan Hjølmo og Vivelid er det byrja arbeid med ein kultursti som viser veg til fleire lokalitetar. Her er ei rekkje kulturminne i dette området, mellom anna fleire jernvinneanlegg, kolgroper, kokegroper, steinalderlokalitetar og mykje meir. Det er parkering ved enden av bilvegen, der stien tek til.


Kulturstien er ikkje ferdig opparbeidd. Det er satt ut merkepålar i terrenget, men det er ikkje laga hovudskilt. Det er gjort lettare vegetasjonsskjøtsel på nokre av lokalitetane, men her er ikkje utarbeidd skjøtselsplan. Det er utarbeidd ein folder som er tilgjengelig på turistkontor og kommunehus. Her må setjast ut hovudskilt, og foldaren må trykkjast opp og formidlast. Tilstand på merkepålar må kontrollerast og truleg må det setjast ut fleire pålar.

Løypa omfattar 109 lokalitetar, og Askeladden ID er lista opp under. Dei fleste lokalitetane er merka med punkt på kartet og ikkje skildra nærmere.

BARK: Nei

Nivå: Middels

Prioritet 2, Eidfjord kommune



ID 108889	ID 108885	ID 108654	ID 108872	ID 108869	ID 108800	ID 108799	ID 108804
ID 108661	ID 108660	ID 108651	ID 108845	ID 142310	ID 108806	ID 108866	ID 108802
ID 108663	ID 108672	ID 108729	ID 108678	ID 108754	ID 108803	ID 108813	ID 108880
ID 108670	ID 108695	ID 108701	ID 108794	ID 108797	ID 108881	ID 108867	ID 108810
ID 108673	ID 108675	ID 108891	ID 108748	ID 108753	ID 108823	ID 108815	ID 108809
ID 108676	ID 108677	ID 107045	ID 108755	ID 108756	ID 108811	ID 108816	ID 108822
ID 108709	ID 108674	ID 105919	ID 108750	ID 108739	ID 108817	ID 108870	ID 108871
ID 108679	ID 108685	ID 108738	ID 108884	ID 108883	ID 108758	ID 108841	ID 108879
ID 108694	ID 108683	ID 108892	ID 108652	ID 108684	ID 108874	ID 108844	ID 108842
ID 108702	ID 108653	ID 105917	ID 108706	ID 108680	ID 108840	ID 108807	ID 108843
ID 108703	ID 108707	ID 108657	ID 108664	ID 108665	ID 108868	ID 108865	ID 108846
ID 108662	ID 108882	ID 108886	ID 108749	ID 108757	ID 108752	ID 108796	ID 108873
ID 112744	ID 108751	ID 108722	ID 108700	ID 108681	ID 108658	ID 108704	ID 105918
ID 108890	ID 108705	ID 108656	ID 108671	ID 108655			

(ID-nummer med uthetva skrift er særskild nemnt i foldaren og merka med staur med nummer.)

Øvre Eidfjord - Kultursti Eidfjord kommune

Her er påbegynt ei kulturløype som viser veg til ei rekke eksisterande og fjerna lokalitetar. Her er mellom anna fleire gravfelt, ei bygdeborg, busetningsområde, og mykje meir. Det er utarbeidd ein folder, og denne er tilgjengelig på turistkontor og kommunehus. Løypa er ikkje merka med nummerstolpar som viser dei ulike postane, og det er ikkje sett opp hovudskilt. Den som ynskjer følgja løypa må sjølv lokalisera postane ut frå kartet i foldaren.

BARK: Nei

Nivå: Middels

Prioritet 2, Eidfjord kommune



ID 110827	ID 102239	ID 110829	ID 102250	ID 102248	ID 102232	ID 102228
ID 110847	ID 112935	ID 110828	ID 102235	ID 102230	ID 102247	ID 102249
ID 110830	ID 102233	ID 102251	ID 102231			

(Utheva lokalitetar er særskild nemnt i foldaren og er lagt inn i BARK-skjemaet.)

Lægreid – Vik. Kultursti Eidfjord kommune

Her er påbegynt ei kulturløype som viser veg til ei rekkje lokalitetar, både eksisterande og fjerna. Her er mellom anna gravfelt og ei nausttuft, og mykje meir. Det er utarbeidd ein folder, og denne er tilgjengelig på turistkontor og kommunehus. Løypa er ikkje merka med nummerstolpar som viser dei ulike postane, og det er ikkje sett opp hovudskilt. Den som ynskjer følgja løypa må sjølv lokalisera postane ut frå kartet i foldaren.

BARK: Nei

Nivå: Middels

Prioritet 2, Eidfjord kommune



ID 139905	ID 102126	ID 102123	ID 110231	ID 102124	ID 84069	ID 110229
ID 140162	ID 128853	ID 102125	ID 102122	ID 110230	ID 102121	

(Utheva lokalitetar er særskild nemnt i foldaren og er lagt inn i BARK-skjemaet.)

4.2 Mindre prosjekt

Desse prosjekta omfattar stort sett einskildlokalitetar, eller lokalitetar som ligg samla og er formidla på eitt skilt, samt lokalitetar som berre er formidla gjennom informasjon på internett eller liknande.

Hespriholmen, Bømlo kommune

ID 90573

Hespriholmen er eit grønsteinsbrot frå steinalderen, og ligg på ein holme. Kulturminnet er skilta frå Langevågen gjennom Hordaland fylkeskommune. Skiltet står ved Sokkamyro ved kulturhuset, saman med andre formidlingsskilt. I tillegg er lokaliteten formidla gjennom internetsidene til prosjektet ”Steinriket Bømlo”.

BARK: Nei

Siggjo, Bømlo kommune

ID 6716 med fleire

Siggjo eit fjell der det er steinbrot frå steinalderen. Området er skilta gjennom prosjektet ”Steinriket Bømlo”, og er formidla gjennom internetsidene til prosjektet. Det er skilta ved parkeringsplass ved fjellet, og ein kan låna GPS med lokalitetane lagt inn. Det er ikkje sett opp skilt ved sjølve lokalitetane, og dette er eit medvite val frå dei lokale som har gjennomført tiltaket. Tilrettelegginga er eit lokalt prosjekt, og Hordaland fylkeskommune har ikkje ytterlegare kjennskap til prosjektet.

BARK: Nei

Gravfeltet på Seim, Odda kommune

Fleire lokalitetar

Her er fleire lokalitetar i området, og det er laga til eit museum på garden som formidlar historia i området. Delar av området er brukt som campingplass, og lokalitetane vert formidla som del av turistnæringa. Det er ikkje utarbeidd skjøtselsplan, men området vert skjøtta gjennom beiting. Her er ikkje satt opp skilt i regi av Hordaland fylkeskommune, men det kan vera satt opp skilt lokalt.

Her er lokalitetane ID 101844, ID 101850, og ID 101847.

BARK: Nei

Sokkamyro og steinalder, Bømlo kommune

Bak kulturhuset i Langevågen ligg den kjende steinalderlokaliteten "Sokkamyro". Dette er ein klassisk verkstadlokalitet frå steinalder, og her har vore gjort omfattande funn. Lokaliteten er formidla gjennom eit skilt som er sett opp i kanten av myra. I tillegg er lokaliteten formidla gjennom internetsidene til prosjektet "Steinriket Bømlo". Det er laga ein film som fortel om steinalder og lokaliteten.

Her står òg eit skilt som formidlar generell steinalder i Langevågen, og på dette skiltet er avmerka alle kjende steinalderlokalitetar i Sør-Bømlo.

25795	25796	6732	72837	66748	66747	72849
16096	25798	45768	16084	89421	89422	89423
16098	16097	25807	25809	89425	93921	89424
25797	66725	35719	25808	93926	93930	93959
16099	45761	66745	16101	93920	16109	6731
16100	25794	55464	72835	35718	90573	72829
6719	25793	72836	66726	66721	25789	16086
55469	55463	66727	66729	66719	66718	94578
45759	55466	66731	66730	117754	66720	72847
55460	55462	55465	55468	94292	94293	90554
35702	66714	55467	45757	93954	66743	16110
90558	25787	45758	45760	25806	72848	66744
90557	90561	35704	45762	16083	66715	45751
90563	90559	90568	72834	66716	35701	25785
66717	90565	45763	16111	90560	90566	25786
96061	90569	66728	16085	90562	25791	

Utheva lokalitetar er lagt inn i BARK-Skjemaet

Lokaliteten ligg i dag som eit brakkareal. Plasseringa gjer det lett for at området ved lokaliteten vert nytta til parkering, plassering av bosskasser, og liknande. Ferdsle over myra gjer at her er etablert ein sti. Kommunen ynskjer gjera grep for at området skal verta meir attraktivt og publikumsvenleg. Konkrete tiltak må avklarast nærmare, men det må utarbeidast ein skjøtselsplan for lokaliteten.



BARK: OPPGRADERING

Nivå: Middels

Prioritet 1 Bømlo kommune

Vargavågen, Os kommune

Fleire lokalitatar

Vargavågen er eit område med mange ulike fornminne. Her er fleire kleberbrot med bruk frå jernalderen, ein bergkunstlokalitet med eit stort tal ristningar, ein hellar med spor frå jernalderen, ei kolmile, og her er gravhaugar i tilknyting til området. Kulturminna er lett tilgjengelege, og området vert aktivt nytta lokalt. Det er frå mange hald kommentert at det er kulturminne i området i samband med formidling av turinformasjon. Hordamuseet gjennomfører eit formidlingsopplegg for skuleborn i området, og kulturminna er nemnt i turistinformasjon gjennom Os guiden.

Her er ei viss grad av lokal tilrettelegging. Det er merka frå vegen til ”Helleristningane og Grytaberget”, men det er ikkje skilt ved sjølve kulturminna. Her går ein mykje brukta tursti i området. Den eksisterande tilrettelegginga bør inn i meir ordna former. Det er stor aktivitet i området utan at kulturminna er formidla skikkeleg, og dette kan føra til skade og slitasje. Det bør avklarast parkering, og kulturminna bør formidlast gjennom skilt eller eventuelt ein folder. Ein må kontrollera at stien ikkje skadar kulturminna.

Her er dei følgjande lokalitetane:

ID 60558	ID 66433	ID 60557	ID 66429	ID 15826
ID 55238	ID 25533	ID 45493	ID 55239	

BARK: Ja

Nivå:

Prioritet 2 Os kommune

Nausstuft Stend, Bergen kommune

ID 55451

Ei nausstuft frå jernalderen ligg nær Hordamuseet og er lett tilgjengeleg. Det går ein gruslagt gangsti i nedre ende av tufta, og det er sett opp eit skilt som formidlar kulturminnet. Her er ikkje plan om oppgradering av tilrettelegginga.

BARK: Nei



Gravhaug Sedalen, Bergen kommune

ID 60467

Gravhaugen vart restaurert i på 1990-talet. Det vart då satt opp att ein bautastein som tidlegare sto på haugen men som var flytta derfrå mange år tidlegare. Lokaliteten er formidla med eit informasjonsskilt. Her er ikkje plan om oppgradering av tilrettelegginga.

BARK: Nei

Gravfelt på Larsstø, Sjo, Kvinnherad kommune

ID 72972

Området er kjenneteikna av mange gravminne. Her har vore stor variasjon i form og utstrekning, med både runde, lange og trekanta haugar og røyser, bautasteinar og kantsteinar. Mange av gravminna er fjerna i dag, men her er framleis mellom anna to bautasteinar i området, den eine inne på eit gravfelt der gravene framleis ligg att. Her skal vera ein bautastein, to steinkretsar, ein steinsetning og fem haugar og røyser. Gravfeltet er inngjerda, og her er sett opp eit formidlingsskilt. Det er laga ein enkel folder for formidling av dette feltet, men denne vart aldri satt i produksjon.

I dag er feltet mykje overgrodd og ikkje vedlikehalde. Det må utarbeidast skjøtselsplan, setjast opp nytt skilt, og foldaren må trykkast og distribuerast. Det er lokalt initiativ til å få gjort dette arbeidet.

BARK: Ja

Nivå: Lite

Prioritet 1, Kvinnherad kommune

Huglo, Stord kommune

ID 60602

På Hommandeneset ligg ei gravrøys som er 18-19meter i tverrmål og 2meter høg. Her er funne ein bronsedolk i røysa. Som respons på lokalt ynskje sette fylkeskommunen opp eit skilt ved denne røysa hausten 2011. Det er ikkje utarbeidd skjøtselsplan. Det er mange røyser i området, og området er nytta til turgåing. Det er ikkje planlagd oppgradering av denne tilrettelegginga.

BARK: Nei

Gravfelt Årbakka, Tysnes kommune

ID 35534

Her står eit skilt og skjøtsel skjer gjennom beiting. Lokaliteten er gjerda inn, og det er parkering ved vegen tett ved lokaliteten. Det står skilt ved parkeringsplassen, og lokaliteten er til ei viss grad universelt tilgjengeleg då den er godt synleg frå veg og parkeringsplass. Her er ikkje utarbeidd skjøtselsplan. Lokaliteten vert av og til nytta som beite for hest, noko som ikkje er heldig i høve til tråkkskader. Ved oppsetting av nytt skilt bør dette ha universell utforming, så lokaliteten og tilrettelegginga er tilgjengeleg for dei fleste.

BARK: Ja, prioritert

Nivå: Middels

Prioritet 4 Tysnes kommune

Lekve, Ulvik herad

ID 66539

På Lekve i Ulvik herad er det eit gravfelt i tilknyting til eit jordbrukslandskap i drift. Grunneigar har gjort vegetasjonsskjøtsel på kulturminna, men det er ikkje utarbeidd skjøtselsplan for området. Gravminna er truleg delvis formidla gjennom lokale skilt, men dette er usikkert. Tilstanden for tilrettelegginga i dag er ikkje kjent.

BARK: Ja

Nivå: Lite

Prioritet 2 Ulvik kommune

Helgaberg, Stødleterrassen, Etne kommune

ID 90164

Her er moglegheit for parkering ved vegen og skilt utan særleg info. Det er ei kort og glatt trapp opp til kulturminnet, og lokaliteten er utsett for skade ved at det er mykje trakk på berget. Det er utarbeidd ein skjøtselsplan gjennom bergkunstprosjektet, men denne er ikkje gjennomført. Det er naudsynt med ein ny skjøtselsplan for denne lokaliteten. Lokaliteten vert dekka til om vinteren av Universitetsmuseet i Bergen og Hordaland fylkeskommune i samarbeid med lokale krefter. Kommunen informerer kort om lokaliteten under ”attraksjonar” på heimesida si.

BARK: Nei. (Lokaliteten vil verte dekka av formidling av Stødleterrassen som kulturminneområde.)

Gravrøys Kvitanes, Sveio kommune

ID 106002

Gravrøysa er 15meter i tverrmål og 2meter høg, og det er sett opp tre vardar i røysa. Lokaliteten ligg ytst på eit nes, og det er merka ein sti ut til røysa. Det står eit formidlingsskilt ved startpunktet for stien. Det er no noko tilgrodd kring gravrøysa. Det må utarbeidast ein skjøtselsplan for lokaliteten.

BARK: Nei

Tjobergshaugen, Halsnøy, Kvinnherad kommune

ID 6386

På Tjobergshaugen ligg ei bygdeborg frå jernalderen. Her er framleis synlege murar, men noko av murverket er truleg restaurert i nyare tid. Lokaliteten vart skjøtta av Halsnøy Lionsklubb 2002. Bygdeborga skulle då merkast og ryddast for vegetasjon kring murane, stien skulle merkast, og lokaliteten skulle skiltast. Det skal no vera utført eit lokalt initiativ med skilting, og merking av tursti til denne lokaliteten. Arbeidet skal ha vore eit samarbeid mellom Kvinnherad kommune og Høylandsbygd Bygdalag.

Hordaland fylkeskommune har ikkje nærmere kjennskap til denne tilrettelegginga.

BARK: Nei

Uggdalsdalen, Tysnes kommune

Fleire lokalitetar

Kulturmiljøet i Uggdalsdalen er sett saman av fleire ulike kulturminne. Her er gravminne, eit veganlegg, eit vad, og audegard. Lokalitetane ligg på begge sider av elva, og vert knytt saman av vegen og vadet. Området er skilta, men her kan gjerast meir for å formidla dette kulturminneområdet. Det bør lagast til parkeringsplass, eventuelt setjast opp fleire skilt, eller utarbeidast ein folder, merkast ei kulturløype og skrivast skjøtselsplan

Her er dei følgjande lokalitetar:

ID 115763	ID 66525	ID 35538	ID 116042	ID 115766
-----------	----------	----------	-----------	-----------

BARK: Ja, oppgradering.

Nivå: Middels

Prioritet 3, Tysnes kommune

Håkonshaugen Lindås kommune

ID 66400

Haugen er rekonstruert og lokalt tilrettelagt meir som kommunalt areal enn kulturminnelokalitet. Her er steinsett inntil haugfoten, og eit gjerde kring haugen. Haugen grensar til jordbruksareal og busetjing. Staden har lenge vore nytta som scene for å setja opp eit spel, men denne bruken skal det no vera slutt på. Haugen er eit døme på tidlegare former for tilrettelegging.

BARK: Nei

Vilomshaugen, Etne kommune

ID 129921

Grunneigar retta ynskje til fylkeskommunen om skjøtselsplan og løyve til å gjennomføra skjøtsel. Det er utarbeidd skjøtsel og skjøtselsplan for denne lokaliteten og lokaliteten er no rydda for skog. Det er ikkje mål om at denne lokaliteten skal skiltast eller leggjast til rette på annan måte. Lokaliteten kan eventuelt formidlast gjennom nettsidene til kommunen då den truleg er godt synleg frå båt.

BARK: Nei

Gravfeltet på Ebna, Etne kommune

ID 90205

Gravfeltet ligg nær sjøen, og har vore mykje større enn kva som er tilfelle i dag. Her har vore åtte gravhaugar, ei steinsetning og ei flatmarksgrav. I dag er her fire (mogleg berre tre) haugar og ei steinsetning att. Gravfeltet ligg i eit jordbruksområde og er tilrettelagt med skilt. Etne kommune informerer kort om gravfeltet under "attraksjonar" på si heimeside. Det er ikkje planar om oppgradering av tilrettelegginga.

BARK: Nei

Håhaugsteinen, Ullensvang kommune

ID 101639

Håhaugsteinen er ein bergkunstlokalitet i form av ein stor stein som ligg flott til på ei flate med storsynt utsikt. Her er det gjort eit lokalt tilretteleggingsprosjekt. Skuleborn har sett opp eit skilt med informasjon om steinen, i hovudsak lokale segner om korleis steinen kom dit. Steinen er òg nemnt som post i ein tursti som er laga til lokalt. Korkje fylkeskommunen eller Universitetsmuseet i Bergen har noko med denne tilrettelegginga å gjera. Steinen er i dag tildekka for å fjerna vegetasjon. Her burde vore sett opp eit skilt som formidla meir konkret info om steinen. Dette er òg naudsynt som sikringstiltak, då det hender at folk tenner bål ved steinen.

BARK: Nei. Lokaliteten fell inn under BERG programmet.



Kulturmiljø Stødleterrassen, Etne kommune

Stødleterrassen er eit unikt kulturminnemiljø og ei fredingssak for området er under arbeid. Hordaland fylkeskommune ynskjer å prioritera dette området. I dag er kulturhistoria i området formidla gjennom eitt felles formidlingsskilt for lokalitetane som er satt opp ved kyrkja. Kommunen informerer kort om gravfelt og helleristningar her under ”attraksjonar” på heimesida si.

Her er følgjande lokalitetar avmerka på skiltet, og arkeologiske lokalitetar med uthæva skrift er særskild nemnt på skiltet og lagt inn i BARK-skjema:

ID 90170	ID 90222	ID 150278	ID 122467	ID 90215	ID 117286	ID 90167
ID 90176	ID 84992	ID 90124	ID 127306	ID 90191	ID 127304	ID 90185
ID 90140	ID 90164	ID 90207	ID 127305	ID 127307		

I tillegg er to tapte lokalitetar – Bogahaugen og gravfelt på Garabrotet – omtalt på skiltet.

Tilrettelegginga som er i dag reflekterer ikkje kor viktig området er, og det er ynskje om ei oppgradering og vidareutvikling av denne tilrettelegginga. Ein ynskjer knyta dette opp mot lokale kultursenter, og området bør oppgraderast med toalettanlegg, kulturløype, internettformidling, folder eller liknande. Det bør vera fullt mogleg å få i alle høve delvis universell utforming på tilrettelegginga, og dette bør vera eit prioritert mål.

BARK: Ja, Oppgradering

Nivå: Stort

Prioritet 1 Etne kommune

Borgaråsen, Etne kommune

ID 90166

”Borgaråsen” er ei bygdeborg nær Etne sentrum. Kommunen informerer kort om lokaliteten under ”attraksjonar” på heimesida si. Her er laga natursti med infotavler opp frå Honsvika. Det er usikkert om det står ei infotavle ved sjølve lokaliteten. Denne lokale tilrettelegginga bør oppgraderast og vidareutviklast, med skikkeleg informasjonstavle og skjøtsel.

BARK: Ja

Nivå: Lite

Mattisbrekka – Fusa kommune

ID 64091

Dette er ein bergkunstlokalitet som er delvis lokalt tilrettelagt. Her er det satt opp eit skilt med ei lokal historie om området. Skiltet burde vore erstatta eller supplert med eit betre skilt med meir informasjon om lokaliteten. Korkje Hordaland fylkeskommune eller Universitetsmuseet i Bergen har nærmere kjennskap til denne lokale tilrettelegginga.

BARK: Nei

Kulturminnemiljø Seimsfoss

Kvinnherad kommune

Eit skilt formidlar forhistoria i området. Skiltet fortel særskild om ei nausttuft frå jernalder og ei brend grav, men òg andre lokalitetar er merka av på skiltet, og skiltet gir ei skildring av området i forhistoria. Det er ikkje noko anna tilretteleggingstiltak her. Utøvra lokalitetar er lagt inn i BARK-skjemaet.

ID 94655	ID106791	ID 94656	ID 15772	ID 72970
ID 107306	ID 107566	ID 66378	ID 107301	ID 45439

Her er ingen planar om oppgradering av tilrettelegginga.

BARK: Nei

Kulturminnemiljø Skåla

Kvinnherad kommune

Eitt skilt formidlar forhistoria i området. Skiltet omhandlar særleg einskilde lokalitetar, men dei fleste er avmerka som punkt på kartet og generelt omtalt. ID 90483 Jensajordet mellomalderkyrkjegard er særskild omtala, og er lagt inn i BARK-skjemaet. Under denne lokaliteten er òg busettingsspor og dyrkingsspor frå bronse- og jernalder. Her er avmerka Askeladden-lokalitetane:

ID 107607	ID 84867	ID 101797	ID 107608	ID 6400	ID 25938	ID 66377
ID 94625	ID 119474	ID 135327	ID 107610	ID 25943	ID 16230	ID 15771
ID 135311	ID 97652	ID 95909	ID 90483	ID 35841	ID 90597	ID 95910
ID 119488	ID 94624	ID 55170	ID 122786	ID 90599	ID 35846	

Her er ingen planar om oppgradering av tilrettelegginga.

BARK: Nei

Bjelland, Kvinnherad kommune

ID 45425 og 35829

Det er fleire gravrøyser på Bjelland. Her er det klypt og merka ein sti, og det er sett opp eit lokalt utarbeidd skilt. Hordaland fylkeskommune har ikkje vore involvert i dette arbeidet, og har ikkje nærmare kjennskap til tilrettelegginga.

BARK: Nei

Skiparstod, Ullensvang kommune

ID 100973

Ei nausstuft ligg mellom ferjekai og parkeringsplass, og riksvegen skjer gjennom tufta i øvre kortside. Tufta er restaurert og her er eit skilt ved ferjekaien. Tufta vert brukt i samband med undervisning og er godt kjend i lokalsamfunnet. Skiltet er oppsett lokalt og treng utskifting og ei plassering vekk frå tuftevollen. Kommunen gjer vegetasjonsskjøtsel.



Her er naudsynt med oppsetting av ny informasjonstavle, og lokaliteten må sikrast med reparasjon av mur for å gjera den trygg for vitjande. Tilrettelegginga bør utvidast til å inkludera andre kulturminne i området, som kyrkja og kyrkjebakken.

BARK: Ja.

Nivå: Lite-middels

Prioritet 1, Ullensvang herad

Krekjahaugen, Borgundøy, Kvinnherad kommune

ID 15776

Krekjahaugen er tilrettelagt med ei lokalt tillaga skilttavle. Haugen er godt synleg og ei stor dekkhelle ligg ope i dagen. Haugen er utgraven, og det er gjort ei rekkje funn som er godt formidla gjennom informasjonstavla. Hordaland fylkeskommune har ikkje del i tilrettelegginga. Det bør utarbeidast ein skjøtselsplan for lokaliteten.



BARK: Nei



Kikedalen – Fusa kommune

ID 64084

I Kikedalen i enden av Gjønavatnet ligg det ein øydegard frå mellomalderen. Her går ein sti inn til lokaliteten. I Sævareid står eit skilt med info om turstiar i området. På dette skiltet er lokaliteten nemnd kort og det er informert om at her går ein tursti inn dit. Dette er all formilding gjort om lokaliteten, og einaste tilrettelegginga av arkeologiske kulturminne som er gjort i Fusa kommune. Lokaliteten bør formidlast betre, og her bør setjast opp informasjonstavler eller eventuelt òg utarbeidast ein folder.

BARK: Ja, oppgradering

Nivå:

Prioritet 2 Fusa kommune

Revhaugen, Vinnes, Fusa kommune

ID 64090

På gravrøysa "Revhaugen" er det sett opp eit lokalt skilt som formidlar røysa. Skiltet er satt opp i sjølve røysa, og bør flyttast utanfor sikringssona. Det er lett tilkomst til kulturminnet, og moglegheiter for parkering ved vegen.



BARK: Ja

Nivå: Lite

Prioritet 6 Fusa kommune

Tysneset, Tysnes kommune.

ID 45567, 100121, 100122

På Tysneset ligg det tre automatiske freda lokalitetar, og ein freda mellomalderkyrkjegard. Her er ei gravrøys som er 20meter i tverrmål og om lag 1,5meter høg. Her er ein gravhaug som no berre er ein rest att av, og mellom desse står ein bautastein. Bautaen sto før midt i ein steinring framfor gravrøysa, men er flytta og sett opp att. Området er lokalt tilrettelagt av Tysnes kommune. Her er sett opp ei skilttavle laga etter malen Hordaland fylkeskommune nyttar for formidlingsskilt. Det er laga sykkelparkering og ordna god tilkomst, men det er ikkje utarbeidd skjøtselsplan for området.

Tysnes kommune har signalisert eit ynskje om oppgradering og formalisering av denne tilrettelegginga, men det må avklarast nærmare kva tiltak som er aktuelle.

BARK: Ja, oppgradering

Nivå: Lite

Prioritet 1 Tysnes kommune

TYSNESET

KYRKJESTAD / CHURCH SITE / KIRCHENSTANDORT

Inn

Tysnes er eit av dei eldste - og i gaudiomil si eldste stort sett samlede - gardane på Tysnes. Ein kongeleg bygning, ei kongeleg graver og ei kongeleg kyrkje var her. Garda ligg på ein øy med ein tilflott frå sjøen. Det er ei samlede summe av rike på land og sjø. Det er også eit godt gjort arbeid med hus og faktar var også godt. Si eldste er også teknisk utmerkt. Det er også eit godt gjort arbeid med hus og faktar var også teknisk utmerkt. Tysnes var eit av de eldste stort sett samlede - gardane på Tysnes. Ein kongeleg bygning, ei kongeleg graver og ei kongeleg kyrkje var her. Garda ligg på ein øy med ein tilflott frå sjøen. Det er ei samlede summe av rike på land og sjø. Det er også eit godt gjort arbeid med hus og faktar var også teknisk utmerkt. Tysnes var eit av de eldste stort sett samlede - gardane på Tysnes. Ein kongeleg bygning, ei kongeleg graver og ei kongeleg kyrkje var her. Garda ligg på ein øy med ein tilflott frå sjøen. Det er ei samlede summe av rike på land og sjø. Det er også eit godt gjort arbeid med hus og faktar var også teknisk utmerkt.

Uts

The Tysnes farm is one of the oldest, and is still one of the most central, of all the farms at Tysnes. Below the church there is a large stone circle, probably a celtic cult circle. The farm is situated in an area with many ancient sites from the 11th century. The area is characterized by its woodlands and rich foliage. Hence, it is understandable that this place has been an important centre for centuries. Tysnes parish is first mentioned in 1110. The church, parsonage, and graveyard would give it name to the parish. The church is built of stone and is surrounded by a fence. It is part of the Tysnes farm. There are many ancient sites from the 11th century in the area, particularly the granite mound with the rock art symbols, located on the eastern side of the farm. There are also several ancient burial mounds and other archaeological finds in the area. The location of the old parish church there is a great possibility that all these sites are somehow interconnected.

Kirken

The church at Tysnes is the oldest church in Norway. It was built in the 11th century and is located in the village of Tysnes. The church is made of stone and has a simple wooden roof. It is surrounded by a fence and there is a small cemetery nearby. The church is a simple rectangular building with a gabled roof. The interior is simple and there are some ancient frescoes on the walls. The church is a popular tourist attraction and is often visited by people from all over the world.

Kirkegården

The churchyard at Tysnes is a well-preserved medieval graveyard. It contains several ancient graves, including a large stone circle. The graveyard is surrounded by a fence and there is a small cemetery nearby. The graveyard is a popular tourist attraction and is often visited by people from all over the world.

Gardens

The farm at Tysnes is a well-preserved medieval farm. It contains several ancient buildings, including a large stone circle. The farm is surrounded by a fence and there is a small cemetery nearby. The farm is a popular tourist attraction and is often visited by people from all over the world.

Gravhaugen

The grave at Tysnes is a well-preserved medieval grave. It contains several ancient artifacts, including a large stone circle. The grave is surrounded by a fence and there is a small cemetery nearby. The grave is a popular tourist attraction and is often visited by people from all over the world.

Oppgradering

The church at Tysnes is a well-preserved medieval church. It contains several ancient artifacts, including a large stone circle. The church is surrounded by a fence and there is a small cemetery nearby. The church is a popular tourist attraction and is often visited by people from all over the world.

Oppgradering

The church at Tysnes is a well-preserved medieval church. It contains several ancient artifacts, including a large stone circle. The church is surrounded by a fence and there is a small cemetery nearby. The church is a popular tourist attraction and is often visited by people from all over the world.

Oppgradering

The church at Tysnes is a well-preserved medieval church. It contains several ancient artifacts, including a large stone circle. The church is surrounded by a fence and there is a small cemetery nearby. The church is a popular tourist attraction and is often visited by people from all over the world.

Oppgradering

The church at Tysnes is a well-preserved medieval church. It contains several ancient artifacts, including a large stone circle. The church is surrounded by a fence and there is a small cemetery nearby. The church is a popular tourist attraction and is often visited by people from all over the world.

Håskru og Lyngholm, Sveio kommune.

ID 106028, 106029

Her er eit lite gravfelt med to gravrøyser, og ei enkelt gravrøys med ein varde bygt i sentrum. Røysene er store og godt synlege. Det er merka ein sti til området som avstikkar frå Nordsjøløypa. Attmed informasjonsskiltet om Nordsjøløypa på Lyngholm er det sett opp eit formidlingsskilt om gravrøysene. Tilrettelegginga er eit lokalt prosjekt og Hordaland fylkeskommune har ikkje nærmere kjennskap til dette arbeidet. Det er ikkje utarbeidd skjøtselsplan for lokalitetane.

BARK: Nei

Steinalderbuplass Geitalemen, Sveio kommune. ID 106016

140meter opp frå Drangsvågen ligg det ein heller med busetjingsspor frå steinalderen. Området er tilvakse med gran, men det er rydda ein del tre akkurat kring lokaliteten. Det er trong til meir rydding for å opna mot sjøen. Her er rydda og merka ein sti til lokaliteten, og det er sett opp eit formidlingsskilt. Tilrettelegginga er eit lokalt prosjekt og Hordaland fylkeskommune har ikkje nærmere kjennskap til dette arbeidet. Det er ikkje utarbeidd skjøtselsplan for lokalitetane.

BARK: Nei

Kulturløype i Herand, Jondal kommune

I Herand i Jondal kommune er det svært mange arkeologiske kulturminne og stor lokal interesse for kulturhistorie. Her er gjort mange utgravingar av hellarar i samband med Hellerprosjektet til Universitetsmuseet i Bergen, og Herand har eige museum som formidlar steinalder.

Her er ein lokalt initiert og tillaga kultursti som passerer tre hellerlokalitetar, ID 91280, 91275 og 91277. Ein ytterlegare heller, ID 91278, ligg litt utanfor løypa. Det står ikkje skilt i samband med denne stien, men informasjon er formidla på internett. Det er her trong til gode skilt i terrenget, i alle høve to gode skilt ved hellarar. Så framt det er lokal interesse for ei oppgradering av stien vil dette vera eit lett prosjekt å gjennomføra.

BARK: Ja, Oppgradering.

Nivå: Lite

Prioritet 4 Jondal kommune

5 Prioriterete kulturminne for tilrettelegging

Målet er at alle kommunane i Hordaland fylke skal ha minst eitt tilrettelagt arkeologisk kulturminne innan 2020.

Prioriteringslista for Hordaland fylkeskommune er sett opp ikkje berre ut frå kva det er ynskje om å søkja BARK-midlar til, men som eit total oversikt over arbeidet det er ynskje om å gjera. I fleire tilfelle er det ikkje planar om å søkja BARK-midlar til den lokaliteten som er fyrsteprioritet i ein kommune, då dette ofte er det prosjektet som er næraast ferdigstilling og finansieringa allereie er på plass.

Eldre eksisterande tilretteleggingar som har mista den lokale forankringa over tid er i mange tilfelle i dårlig stand eller prega av slitasje. Hordaland fylkeskommune har difor i fleire tilfelle vald å prioritera oppgradering av eksisterande tilretteleggingar heller enn å starta opp nye prosjekt. Elles er det lagt vekt på å gje gode prosjekt til kommunar utan eksisterande tilrettelagte arkeologiske kulturminne.

Ved gjennomføring av tiltak innanfor prioriteringslista vil ein i hovudsak fylgja desse prinsippa:

1. Prosjekt som allereie er starta opp i kommunar utan eksisterande tilretteleggingsprosjekt.
2. Andre prosjekt som allereie er starta opp.
3. Nye tilretteleggingsprosjekt i kommunar utan eksisterande tilretteleggingar.
4. Kommunar med eitt eksisterande tilretteleggingsprosjekt

Større prosjekt som vil krevja lang tid kan arbeidast med parallelt med småsaker sjølv om desse er i ein kommune som allereie har eksisterande tilretteleggingar. **Her skal prosjekt som siktar mot universell utforming prioriterast.**

Fleire hove gjer at prioriteringslista må vera open for endringar:

- Der skjøtsel og tilrettelegging let seg spela inn som del av planprosessen i reguleringsplanar vil ein prioritera dette.
- Erfaring med skjøtselsarbeid har vist at ein del prosjekt av ulike grunnar ikkje let seg gjennomföra.

Eventuelle avvik frå lista bør drøftast internt i kvart einskild tilfelle. Det vil verte lagt opp til ei årleg gjennomgang og revidering av lista for å halda denne oppdatert, og for å sikra at lista vil halda fram med å vera ein nyttig reiskap og rettesnor for arbeidet med skjøtsel og formidling. Etter kvart som ein nærmar seg målet om eitt tilrettelagt kulturminne i kvar kommune, vil ein dreia fokus meir mot ei betring av tematisk fordeling.

5.2 Tilretteleggingstiltak – generelt

Dei fleste prosjekta må vurderast nærmere for meir konkret avklaring av kva tiltak som skal gjera, og om lokaliteten er eigna. Dette vil alltid verte gjort i samråd med kommune og grunneigar, då lokal forankring er essensielt for eit godt prosjekt. Ein vil trekkja inn andre lokale grupper der dette er aktuelt. I tilfelle der lokal forankring er på plass vil dette vera særleg nemnt i skildringa av det aktuelle prosjektet. Som hovudregel vil ein alltid i så stor grad som råd fokusera på at så mykje av arbeidet som mogleg vert gjort lokalt.

I den praktiske gjennomføring av arbeidet og oppfølging og vedlikehald av prosjekta vil Hordaland fylkeskommune fokusera på samarbeid med lokale aktørar. Me vil særskild søkja å knyta arbeidet opp mot kommune, lokale og regionale museum, lokallag, grunneigarar og andre interesserte på lokalt nivå.

Felles for alle tiltak uavhengig av nivå og kommune er at Hordaland fylkeskommune vil oppmoda kommunen til òg å formidla tilrettelegginga via sine nettsider, og at tilrettelegginga vert fremja som ein attraksjon i kommunen.

Hordaland fylkeskommune vil vurdera samarbeid med Universitetsmuseet i Bergen i kvar einskild sak. I saker som berre vedkjem skilting av einskildminne og lett vegetasjonsskjøtsel er ikkje dette så aktuelt, men i større saker vil ein nytta seg av kompetansen ved universitetsmuseet der dette er naudsynt og praktisk.

6 Universell utforming

Det er i dag få universelt tilgjengelege tilretteleggingstiltak for arkeologiske kulturminne i fylket, men Hordaland fylkeskommune ynskjer å prioritera dette feltet sterkare. Ein vil i framtida sjå på moglegheitene for å nytta skråstilte skiltstativ i rullestolvenleg høgde i dei tilfella der det er mogleg å komma nær eller fram til lokaliteten frå veg. Ein vil i kvar einskild sak vurdera kor vidt det er mogleg å gjennomföra universell tilrettelegging i prosjektet. Ein vil som hovudregel streva etter å gjera informasjonen tilgjengeleg for så mange som mogleg.

Universell tilgong til arkeologiske kulturminne er ofte vanskeleg på grunn av omsynet til lokalitetane. Tilrettelegginga skal ikkje skada eller visuelt skjemma lokaliteten, og dette set avgrensingar på kva tiltak som kan gjennomførast. Det er heller ikkje tilrådeleg å gjera alle tilretteleggingsprosjekt omfattande. Ein kan eventuelt vurdera moglegheitene for alternativ formidling til dømes via internett i tilfelle der lokaliteten ikkje vil vera tilgjengeleg for alle brukargrupper.

7 Prioriteringsliste for tilretteleggingar i kommunane

Askøy kommune

Det er registrert 34 automatisk freda arkeologiske lokalitatar i Askøy kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Ingen

1. Kongshaugen på Hop

ID 91779

Kongshaugen er ein gravhaug som er om lag 22meter vid og 3meter høg. Den ligg nær den freda herregarden Thomas Erichsens Minde. Haugen er til dels innebygt, men er svært lett tilgjengeleg for lokalbefolkinga. Tilkomst er enkel frå eksisterande veg, og haugen har berre trong til mindre skjøtsel. Kommune og grunneigarar er interessert i tilrettelegging av haugen med skilt.

BARK: Ja

Nivå: Lite

2. Bygdeborg på Herdla

ID 91771

Denne bygdeborga ligg nær Herdla kystfort, der mellom anna 2.verdskrig vert formidla gjennom museum og anlegg. Tilrettelegging og formidling av bygdeborga kan knytast opp mot dette. Her er òg eit naturreservat, noko som er med på å gjera Herdla til eit viktig reisemål. Kommunen satsar på Herdla. Det vert allereie formidla litt steinalder i samband med museum i dette området. Borga er i kommuneplanens arealdel liggjande i eit område definert som ”eksisterande idrettsanlegg”. Kommunen ynskjer å få tilrettelagt denne lokaliteten. Det går ein sti langs kyststripa og ein kan setja opp skilt. Det skal ha vore kongsgard på Herdla, og dette kan ein formidla i samband med lokaliteten.

BARK: Ja

Nivå: Middels

3. Gravrøys ved Gulbrandsøy

ID 91770

Gravrøysa ved Gulbrandsøy ligg i eit området med lyng og låg buskevegetasjon, og er den mest synlege røysa i området. Ho er om lag 5meter i tverrmål og 20-30cm høg. Her er spreidd busetjing kring, og lokaliteten ligg nær vegen. Røysa er svært overgrodd og vanskeleg å få inntrykk av. Her kan ein skriva ein skjøtselsplan og rydda og synleggjera røysa, og setje opp eit formidlingsskilt som fortel om kulturminnet.

BARK: Ja

Nivå: Lite


4. Kongshaugen Ask

ID 91737

Gravhaugen er lett tilgjengeleg med moderne inngrep på alle kantar. Den har vore grave mykje i, og er i dag berre ei oppbygt flate med 15meter i tverrmål. Her er flott utsikt, og det står ein benk på toppen av haugen. Det er reguleringsplan under utarbeiding for området, og skjøtsel vil verte spelt inn i samband med planen. Eit formildingsskilt vil vera lett synleg for forbipasserande.

BARK: Ja

Nivå: Lite



Austevoll kommune

Det er registrert 98 automatisk freda arkeologiske lokalitetar i Austevoll kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Ingen

1. Gravrøyser Kongsfjellet

ID 6686 med fleire

Langs øvste ryggen av kongsfjellet ligg fire godt synlege gravrøyser. Her er vidt utsyn frå staden. Det er eksisterande sti i området som er merka som del av Nordsjøløypa, og denne går dels i og over tre av røysene. Merking av kulturløype og eit skilt på ein utkikksplass kan formidla ikkje berre desse røysene men òg andre røyser synlege frå dette fjellet. Mellom anna er det flott utsikt til røyser i Fitjar kommune. Ein folder kan utarbeidast for å ta med på turen. Det bør utarbeidast skjøtselsplan. Kommune og grunneigar er naturlege samarbeidspartnarar for eit slikt prosjekt.

BARK: Ja

Nivå: Middels

2. Steinalderbuplassar Drivenes

ID 145498 med fleire

Stien over Kongsfjellet (prioritet 1) kjem i nord ned til eit vatn der det er ein reguleringsplan under utarbeiding for eit nytt byggefelt. Ved vatnet ligg fleire lokalitetar frå steinalder. Det er her lokalt ynskje om å laga til gangsti kring vatnet. Kulturminna vil vera synlege herfrå, og vil kunne formidlast gjennom skilting og informasjon knytt til stien. Dette vil spreie kunnskap om kulturminna til folk i lokalområdet som vil nytta området kring vatnet til rekreasjonsføremål. Det bør vera mogleg å gjennomføra universell utforming i samband med denne stien. Tilrettelegginga av denne lokaliteten kan knytast til formidling av røysene på Kongsfjellet.

BARK: Ja

Nivå: Middels.

3. Gravrøys Storebø

ID 97714

Røysa ligg på toppen av ein knaus og er lite synleg med mindre ein er kjent med den. Området kring røysa er eit nytt byggefelt som er under utbygging, og røysa ligg i ei omsynssone. Grunneigar har sagt seg interessert i å gjera oppstartsskjøtsel i samband med byggetiltak i området. Vegetasjonsskjøtsel vil gjera røysa meir synleg, og oppsetting av formidlingsskilt vil sikra kulturminnet mot aktlaus skade og la folk i området få ta del i kulturminneverdien. Då vegetasjonsskjøtselen vil vera enkel kan ein førespørja den lokale barneskulen om å ta på seg årleg vegetasjonsskjøtsel. Det er utarbeidd framlegg til skjøtselsplan for lokaliteten.

BARK: Nei

Nivå: Lite

4. Gravrøys Eidsbøen

ID 55434

Ei gravrøys ligg på ein liten bergknaus mellom ungdomsskule og veg ved idrettsplass. Røysa er utgraven men ikkje fjerna, og den er sterkt skjemma av omgivnadene. Kulturminnet er sterkt overgrodd og lite synleg. Skuleungdommen kjenner ikkje til at det er eit kulturminne her. Det er utarbeidd framlegg til skjøtselsplan for lokaliteten. Ein bør her sjå på moglegheitene for at skulen kan ”adoptera” kulturminnet og ta på seg ansvar for vedlikehald av skjøtsel her. Eit kulturminneskilt vil formidla informasjon om røysa til skuleelevarane og brukarane av idrettsanlegget.

BARK: Ja

Nivå: Lite

5. Kolhaugen, Bekkjarviksundet

ID 25768

Gravrøysa ligg øvst på ei naturleg høgd. Den er 18meter i tverrmål og vel 1,5meter høg, og er heilt overgrodd med lyng, bregne og einer. Det er stor trong til skjøtsel av dette kulturminnet. Det er lett tilkomst til gravhaugen, og her er parkering i nærleiken. Aktuelle tiltak her er skilt og skjøtselsplan.

BARK: Ikkje prioritert

Nivå: Lite



Austrheim kommune

Det er registrert 64 automatisk freda arkeologiske lokaliteter i Austrheim kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Fosenstraumen steinaldersti, ID 66458 med fleire - Planlagt oppgradering

1. Fosenstraumen steinaldersti

ID 66458 med fleire

Området kring Fosenstraumen er svært rikt på steinalderlokaliteter, og området er tilrettelagt med ein kultursti. Dette prosjektet er skildra i kapittel 4.1. Det er ynskje frå både Radøy og Austrheim kommune om oppgradering av denne tilrettelegginga. Aktuelle tiltak må avklarast nærmare med kommunane, men aktuelle tiltak kan til dømes vera oppgradering og utviding av eksisterande løype, utbetring av parkering, oppretting av aktivitetsområde for formilding, toalettanlegg, og liknande. Det er naudsynt med vegetasjonsskjøtsel og skjøtselsplan.

BARK: Ja.

Nivå: OPPGRADERING frå middels til stort

2. Øydegard Ikornsåta,

ID 110087

Vest for Mongstad ved Kaland ligg det ein øydegard frå middelalder. Lokaliteten ligg nært veg og busetnad, om lag 250meter vest for den lokale skulen. Her er hustuft og rydningsrøys men lokaliteten er i dag så overgrodd at den ikkje vart attfunnen ved siste kontrollregistrering. Området er intakt, og det er truleg òg lokaliteten. Det er trong til omfattande vegetasjonsskjøtsel for å gjera kulturminna synlege. Aktuelle tilretteleggingstiltak er oppsetting av formidlingsskilt og eventuelt merking av tilkomst og skilting frå veg.

BARK: Ja

Nivå: Lite



Bergen kommune

Det er registrert 212 automatisk freda arkeologiske lokalitetar i Bergen kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Gravhaug, Sedalen ID 60467 - Ingen endring

Nausttuft, Stend ID 55451 - Ingen endring

(Prosjekt som ikkje skal endrast er merka med "OK" på kartet.)

1. Steinaderbuplassar ved Gjeddevann

ID 95725, med fleire

Det er registrert fleire steinalderbuplassar ved Gjeddevann sør for Bergen. Reguleringsplanen for området omfattar planar om ein tursti med universell utforming ned til ein badeplass kort avstand nord for lokalitetane. Området er nytta til friluftsaktivitetar. Det er ynskjeleg med ei formidling av dei arkeologiske kulturminna i tilknyting til denne turstien. Det er usikkert om direkte tilkomst til lokalitetane vil la seg gjera, men eit universelt utforma formidlingsskilt på ein utsiktsplass der lokalitetane er synlege vil vera ein god måte å gjera informasjonen om kulturminna tilgjengeleg for alle. Ei tilrettelegging og formidling av kulturminnelokalitetar her vil verte gjort i samarbeid med Bergen kommune, Grøn Etat.

BARK: Ja

Nivå: Middels-stort

2. Nausttuft og gravrøys Fleslandsvika

ID 25776

Her er ei nausttuft, ei gravrøys og ei mogleg gravrøys. Nausttufta er om lag 40meter lang og 8-10meter brei, og er synleg som eit avlangt søkk i bakken. Nausttufta er mykje skjemma av fleire vegar, og den er tilgrodd og det ligg søppel langs botnen. Gravrøysa er svært overgrodd, men det er ei open kiste bygt av store steinar synleg. Det er utarbeidd eit utkast til ein skjøtselsplan her. Kulturminna må ryddast for søppel og vegetasjon, og her bør setjast opp eit skilt som formidlar informasjon om kulturminna.

BARK: Nei

Nivå: Lite

3. Leikneshaugen, Hatlestad

ID 55448

Leikneshaugen er ein gravhaug som ligg tett i busetjing og veg. Haugen er 24meter i tverrmål og 4meter høg. Kulturminnet har vore skadd og under oppreinskinga vart det gjort funn som gjer haugen lettare å formidla. Haugen er no restaurert og står fram som eit intakt og markant gravminne. Vegen går tett i haugen, og her er parkering lett tilgjengeleg. Haugen kan lett formidlast ved å setja opp eit skilt her.

BARK: Ja

Nivå: Lite

4. Isdalen

ID 113868

Det er mange kulturminne frå eldre og nyare tid i Isdalen, og området er mykje nytta til turgåing og har eit opparbeidd stisystem som sikrar god tilgjenge. Her er registrert eit gravfelt frå jernalder, men her er truleg fleire ikkje-registrerte automatisk freda kulturminne. Enkel formidling av kulturminna her vil gje området ein ny dimensjon for dei som allereie nyttar staden til turgåing. Det er naudsynt med ein gjennomgang av området og kulturminna her før ein avklarar kva tiltak som er best eigna.

BARK: Ja

Nivå: Middels

5. Ruskeneshellaren

ID 25782

Hellaren er ein buplass datert til steinalder-bronsealder. Her er gjort ei rekkje funn, mellom anna fleire steinøkser og flintdolkar. Her har vore ytterlegare ein hellar i området, men denne er sprengt vekk. Lokaliteten er mykje skjemma og ligg nært veggen. Dei omfattande funna gjer at det er mykje informasjon å formidla om kulturminnet. Det er lokalt ynskje om å gjera skjøtsel her. Eit aktuelt tiltak kan vera å setje opp eit formidlingsskilt.

BARK: Ja

Nivå: Lite

6. Vollane, Ervika

ID 103193 med fleire

Her er det registrert ei rekkje busetjingsspor frå jernalder, og ein steinkrans som er utgraven. Her er fleire kokegropar, eldstader og stolpehol, med meir. Kulturminna i Ervika ligg i ein liten dal som strekkjer seg ned mot ei badevik. Her er det gode moglegheiter for formidling av kulturminna i samband med det eksisterande frilufts- og rekreasjonsområdet. Det er planlagt utgraving av nokre av lokalitetane i området, og etter at desse er ferdigstilte vil det vera mykje informasjon som kan formidlast via til dømes skilting.

BARK: Ja

Nivå: Lite



Bømlo kommune

Det er registrert 409 automatisk freda arkeologiske lokalitetar i Bømlo kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Sokkamyro, ID 66745 – Planlagt oppgradering

Langevåg, generell steinalderformidling – ingen endring

Hespriholmen ID 90573 – ingen endring

1. Sokkamyro/Langevåg

ID 66745

Sokkamyro i Langevåg er ein godt kjent, klassisk verstadsplass frå steinalderen. Lokaliteten er delvis utgraven. I dag ligg området som brakmark bak kulturhuset i Langevåg. Ved kanten av myra står det tre skilt som formidlar denne og andre lokalitetar i området. Kommunen har signalisert eit ynskje om å ta tak i denne staden og heva nivået på tilrettelegginga. Det må skrivast ein skjøtselsplan, og det må gjennomførast møter med kommune og grunneigar for avklaring av kva tiltak dei ynskjer og kor vidt dette let seg gjennomføra utan skade på kulturminnet.

BARK: Delvis

Nivå: OPPGRADERING frå lite til middels

2. Bygdeborg Berge

ID 90572

Bergesfjell er ein kolle det berre er råd å komma opp på to stader. Her er ingen sikre murar, men det ville vore svært lett å sperra for uvedkommande så kan hende var ikkje dette naudsynt. Her er gjort ei rekke funn i området, mellom anna ei klebergryte frå yngre jernalder. Det er eksisterande stiar i området, som er nytta til turområde for lokalbefolkinga. Lokaliteten kan lett leggjast til rette for formidling ved at det vert sett opp eit skilt eller utarbeidd ein liten folder.

BARK: Ja

Nivå: Middels

3. Gravfelt Nese

ID 55470

Gravfelt frå jernalder med tre røyser og to haugar. Kulturminna er mykje skadd av påkasta Stein, fjerna Stein eller skrot som ligg på kulturminna. Her er og ein del vegetasjon på nokre av gravminna, og lokaliteten ligg som ein ”holme” i eit jordbrukslandskap. Her bør gjerast skjøtsel og formidling for å synleggjera kulturminna og sikra dei mot aktlaus skade.

BARK: Ja

Nivå: Lite

4. Vardhaug

ID 66723

Øvst på eit berg ved Grindheimsvågen ligg det ei gravrøys kalla ”Vardhaug”. Røysa er kring 12meter i tverrmål og 0,7meter høg . Det er bygt eit sjømerke i røysa, og her er flott utsikt frå staden. Røysa er mykje utkasta og dels overgrodd av lyng og einer, men godt synleg. Lett vegetasjonsskjøtsel og eit enkelt skilt kan gjera denne lokaliteten til eit interessant turmål og utsiktspunkt.

BARK: Ja

Nivå: Lite



Eid fjord kommune

Det er registrert 506 arkeologiske lokalitetar i Eid fjord kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Hæreid, ID 110228 med fleire – Planlagt oppgradering

1. Hæreid

ID 110228 med fleire

På Hæreidterrassen er det fleire, store gravfelt. Området er tilrettelagt, og dette prosjektet er skildra i kapittel 4. Den eksisterande tilrettelegginga er no slitt og därleg og området er dels attgrodd. Her må utarbeidast skjøtselsplan og kulturminna må ryddast fram att. Kommunen ynskjer ei rehabilitering og eventuell oppgradering av eksisterande tilrettelegging og informasjon. Konkrete tiltak må avklarast i dialog med kommune og grunneigarar.

BARK: Ja

Nivå: OPPGRADERING frå middels til stort

2. Hjølmo – Vivelid

Kulturløype med fleire lokalitetar

Mellom Hjølmo og Vivelid er det påbyrja ei kulturløype som vitjar ei rekke kulturminne, mellom anna jernvinneanlegg, kolgropar, kokegropar, steinalderbuplassar, tufter frå eldre og nyare tid, og mykje meir. Det er utarbeidd ein folder for denne løypa, men arbeidet er ikkje ferdigstilt. Det er sett ut merkestolpar i terrenget, så det vil krevja lite innsats å ferdigstilla denne kulturløypa. Løypa vantar hovudskilt og betre formidling av folder. Her burde utarbeidast ein skjøtselsplan, det må setjast ut hovudskilt. Ein må kontrollera dei utsette nummerstolpane. Gjennomført arbeid i prosjektet er nærmere skildra i kapittel 4.1.

BARK: Nei

Nivå: Middels

3. Øvre Eid fjord

Kulturløype med fleire lokalitetar

Her er det påbegynt eit arbeid med ei kulturløype som vitjar ei rekke kulturminne, både eksisterande og fjerna. Mellom anna fleire gravfelt, ei hustuft, kokegropar, ei bygdeborg, og fleire andre kulturminne. Det er utarbeidd ein folder som fortel om postane langs løypa. Denne er tilgjengeleg på kommunehus og turistinformasjon. Løypa er ikkje merka og det er ikkje satt opp hovudskilt. Dette må gjerast for å ferdigstilla prosjektet. Gjennomført arbeid i prosjektet er nærmere skildra i kapittel 4.1.

BARK: Nei

Nivå: Middels

4. Lægreid – Vik

Kulturløype med fleire lokalitetar

Her er det påbegynt eit arbeid med ei kulturløype som vitjar fleire kulturminnelokalitetar, både eksisterande og fjerna. Her er mellom anna gravfelt og nausttufter frå jernalder. Det er utarbeidd ein folder som fortel om postane langs løypa. Denne er tilgjengeleg på kommunehus og turistinformasjon. Løypa er ikkje merka og det er ikkje satt opp hovudskilt. Dette må gjerast for å ferdigstilla prosjektet. Gjennomført arbeid i prosjektet er nærmere skildra i kapittel 4.1.

BARK: Nei

Nivå: Middels


5. Sysendalen, Fet,

ID 110941 1-6

Her er eit gravfelt frå jernalder med mange små, jordblanda røyser. Kulturminna ligg delvis på beitemark og delvis dyrka mark. Her er òg registrert fleire hustufter, graver og jernvinne med omnar, kolgroper og slagghaugar. Området er svært rikt på kulturminne, og er lett tilgjengeleg frå veg. Aktuelle tiltak her kan vera tursti, folder, skilt, skjøtselsplan og avklaring av parkering.

BARK: Ja

Nivå: Middels



Etne kommune

Det er registrert 150 arkeologiske lokalitetar i Etne kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Stødleterrassen, ID 150278 med fleire – Planlagt oppgradering

Gravfeltet på Ebna ID 90205 – ingen endring

(Prosjekt som ikkje skal endrast er merka med ”OK” på kartet.)

1. Stødleterrasse

ID 150278 med fleire

Stødleterrassen er eit rikt kulturminneområde med kulturminne frå eldre og nyare tid. Området er tilrettelagt med eit formidlingsskilt, og dette prosjektet er skildra i kapittel 4.2. Stødle er eit område av nasjonal verdi, og ei fredingssak for området er under arbeid. Eksisterande tilrettelegging bør oppgraderast og utvidast. Det bør verte utarbeidd ein skjøtselsplan for det samla området. Formidlinga kan eventuelt knytast opp til eit planlagt kulturbrygg i kommunen. Topografien på terrassen gjer at universell utforming bør vera mogleg for i alle høve delar av tilrettelegginga. Konkrete tiltak må avklarast i dialog med kommune og grunneigarar.

BARK: Ja

Nivå: OPPGRADERING frå lite til stort

2. Bygdeborg Matskor

ID 90166

Bygdeborga er kalla ”Borgaråsen”, og her er synlege spor etter ein mur. Kulturminnet er dels tilgjengeleggjort med ein merka sti, og denne er informert om på nettsidene til kommunen. Dette er eit lokalt initiativ. Ein må avklara kva tilrettelegging som er gjort, og eventuelt oppgradera denne med eit formidlingsskilt. Det bør utarbeidast ein skjøtselsplan for området.

BARK: Ja

Nivå: Lite

3. Vinja

ID 90216 med fleire

I området kring bergkunstlokaliteten ”Duesteinen”, som skildra i kapittel 4.1, er det ei rekke andre arkeologiske kulturminne. Her er mellom anna fleire gravfelt. Kulturminna ligg i eit samla kulturlandskap som bør sjåast og formildast under eitt. Aktuelle tiltak er skilting og skjøtselsplan.

BARK: Ja

Nivå: Lite

4. Grindheim

ID 90171 med fleire

Grindheim er eit rikt kulturminneområde med mange likskapstrekk til Stødleterrassen. Her er mellom anna eit svært stort tal forhistoriske gravminne. Formidling av desse to områda bør sjåast i samanheng. Det har lenge vore lokalt ynskje om skilting av nokre av kulturminna i området, mellom anna ein bautastein nær kyrkja, og det er utarbeidd lokale framlegg til skilt her. Dette arbeidet er ikkje gjennomført, og bør kan hende avventast til ein kan leggja planar for ei meir heilskapleg tilrettelegging.

BARK: Ja

Nivå: Middels

5. Bygdeborg Vad

ID 90172

Bygdeborga på Vad ligg er kalla ”Hushaug”, og ligg i eit turområde. Borgområdet er avgrensa av stup og ein synleg mur. Det er eit vad i nærleiken av lokaliteten, og det er gjort eit sverdfunn på garden noko som gjer at det er mykje som kan formidlast i samanheng med bygdeborga. Det bør gjerast skjøtsel, og eventuelt setjast opp eit formidlingsskilt. Parkering og tilkomst bør merkast så dette ikkje er til plage for grunneigar. Prosjektet treng avklaring.

BARK: Ja

Nivå: Lite



Fedje kommune

Det er registrert 6 arkeologiske lokalitetar i Fedje kommune, inkludert marinarkeologi.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Ingen

1. Steinalderlokalitet

ID 97125

Dette er ein steinalderlokalitet som ligg om lag 15 meter over dagens havnivå, om lag 90meter frå nærmeste veg. Her har vore eit nes i eit sund mellom fleire øyer, og eit kart med illustrert havnivå på den tida kan gje eit godt bilet av korleis området var i steinalderen. Funnmengda tyder på at her var ein buplass. Lokaliteten er omtrentleg kartfesta på kartet, og det er trøng til synfaring for å avgjera om den er godt eigna til tilrettelegging.

BARK: Ja

Nivå: Lite



Fitjar kommune

Det er registrert 62 arkeologiske lokaliteter i Fitjar kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Kulturløype Fitjar Sentrum, ID 16130 – Ingen endring

(Prosjekt som ikkje skal endrast er merka med ”OK” på kartet.)

1. Skumsnes

ID 45808, 6299, 16132

Skumsnes er eit lyngkledd nes nord i Fitjar kommune der det ligg fleire gravrøyser.

Røysene er stort sett godt synlege, og lett tilgjengelige grunna den låge vegetasjonen. Her er flott utsikt, og området er eit godt turområde. Skumsnes er godt eigna for tilrettelegging, og ein kan her oppleva kulturminne i eit landskap urørt av moderne inngrep. Aktuelle tiltak er merking av sti og oppsetting av skilt, eventuelt utarbeiding av folder.

BARK: Ja

Nivå: Middels

2. Vespestad/Bustaleitet

ID 45809, 45810, 105517, 35744

På Vespestad om lag 2,5km sør for Fitjar sentrum ligg det tre gravfelt med røyser i eit beitelandskap. Om lag 300meter frå gravfelta ligg det ein bergkunstlokalitet med 11 skipsfigurar. Røysene er stort sett grasvaksne, men nokre av dei er noko utkasta og skadd av dyrking og liknande. Her vil vera naudsint med kontrollregistrering for å avgjera kor mange røyser det er snakk om. At området er beita og at røysene i hovudsak har lite vegetasjon på seg anna enn gras gjer at denne lokaliteten kan leggjast til rette utan større vegetasjonsarbeid. Formidlingstiltak må avklarast i samråd med kommune og grunneigar, men skilting er eit aktuelt tiltak.

BARK: Ja

Nivå: Lite-middels



Fjell kommune

Det er registrert 122 arkeologiske lokalitetar i Fjell kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Ingen

1. Geitvika steinalderlokalitetar ID 143748 og 143749

I samband med reguleringsplan for Geitvika gnr 45 bnr 5 i Fjell kommune vil det verte opparbeidd ein universelt uforma tursti som grunna topografien i området får nærføring til to steinalderlokalitetar. I eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Fjell kommune og Bergen og Omland Friluftsråd vert skjøtsel og tilrettelegging av lokalitetane ein del av planarbeidet. Tilrettelegging og formilding vil fungera som eit avbøtande tiltak i høve til tiltaket, og lokalitetane og informasjon om desse vil verte universelt tilgjengeleg.

BARK: Ja

Nivå: Middels

2. Kolltveit, gravrøyser ID 127359, 127360, 16137, 6308

Nær barneskulen på Kolltveit ligg det to gravrøyser frå jernalder og to buplassar frå steinalder, der den eine buplassen ligg delvis under ei av røysene. Røysene er overgrodd men lett tilgjengelege, og skulen ynskjer gjera skjøtsel her. Fylkeskommunen vil utarbeida ein skjøtselsplan for arbeidet, og det vil verte utarbeidd eit formidlingsskilt. Arbeidet er starta opp. I samband med formidling her bør ein trekkja linjer til nyregistrerte steinalderlokalitetar på Nordre Bildøy, då dette området er svært interessant men i seg sjølv lite tilgjengelig.

BARK: Ja

Nivå: Lite

3 . Vindenes

ID 64065 med fleire

På Vindenes, Høybøen ligg det ein øydegard frå mellomalderen. Øydegaarden er arkeologisk undersøkt, og ein har mykje kunnskap om lokaliteten. Her er synlege spor etter tufter, rydningsrøyser, hellelagt veg, og mykje meir. Det går ein sti til lokaliteten, og denne passerer mange av dei andre arkeologiske kulturminna som er registrert i området, som gravminne frå jernalder og buplassar frå steinalder. Det har i ei årrekke vore planlagt ei tilrettelegging av øydegaarden. Det er ynskje i kommunen om å få tilrettelagt dette kulturminneområdet, og det har tidlegare vore dialog mellom kommune, grunneigar, fylkeskommune og Bergen Museum vedrørende ei eventuell tilrettelegging. Det har vore tildelt midlar til dette arbeidet, og delar av skiltmateriellet er utarbeidd. Aktuelle tiltak er skilting av øydegaarden, merking av sti, mogleg skilting av andre arkeologiske kulturminne langs stien, eller utarbeiding av folder, parkering, med meir.

BARK: Delvis

Nivå: Middels



Fusa kommune

Det er registrert 62 arkeologiske lokaliteter i Fusa kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Ingen

1. Gravrøyser i Refsvika

ID 35769

Lokaliteten er eit gravfelt frå jernalder med tre låge røyser som er mest dekka av vegetasjon. Røysene ligg i eit lite grøntareal i eit hyttefelt og er lite kjent lokalt. Lyng, mose og bregne gjer at ein må vera kjend med at røysene er der for å finna dei. Kulturminna er ikkje kjent for folk i området, og er såleis i fare for å verte skadd av tiltak i tilknyting til ein veg i nærleiken. Formidling gjennom oppsetting av eit formidlingsskilt vil gjera folk i området kjent med kulturminna. Ein barneskule i nærleiken ynskjer nytta området og kan gjera skjøtsel her. Det er tildelt midlar til dette prosjektet og det er utarbeidd eit framlegg til ein skjøtselsplan.

BARK: Nei

Nivå: Lite

2. Kikedalen

ID 64084

Inst i Kikedalen ligg det ein augegard som truleg er frå jernalder/mellomalder. Her er det fleire synlege tufter og røyser. Det går ein sti til Kikedalen, og på eit skilt om turstiar i kommunen er det er kort formidla at det er kulturminne i Kikedalen. Det har tidlegare vore årleg hesteslepp i området, og det er naudsynt å kontrollera at dette ikkje fører til skade/slitasje på kulturminna. Lokaliteten treng skjøtselsplan og det bør setjast opp eit skilt i tilknyting til lokaliteten, eller på annan måte formidlast at det er kulturminne her.

BARK: Ja

Nivå: Middels

3. Hjartnes

ID 16154 med fleire

På Hjartnes ligg det fleire gravrøyser langs kysten, dei fleste truleg frå bronsealder/jernalder. Ei av røysene er 25 meter lang og 7meter brei på midten, og opptil 1meter høg. Her er det greie parkeringsmoglegheiter og god tilkomst til området. Røysene er i tilgrodd i varierande grad, og det er trong til rydding av sjølve kulturminna og opning av vegetasjon for å sikra utsikten frå kulturminna til sjøen. Det bør utarbeidast skjøtselsplan for området, og kulturminna bør formidlast gjennom skilt og eventuelt ein kort folder. Ein må her gjera eit utval av kva lokalitetar som er best eigna.

BARK: Ja

Nivå: Lite

Vinnes

ID 25863 med fleire

I plan for kulturminnevern nemner kommunen Vinnes som eit prioritert kulturmiljø. Her er helleristningsfelt, gravhaugar og buplassar, og det er lokalt ynskje og initiativ om denne staden. Mellom anna ei nausttuft (ID 25863) har stor trøng til skjøtsel og er prioritert av kommunen. Ei tilrettelegging av området bør sjå samanhengen mellom lokalitetane og gjera ei heilskapleg formidling. Einskilde lokalitetar bør velgast ut i samråd med kommunen for særskild skjøtsel og formidling. Eit prosjekt med turløype gjennom området stogga opp pga krav om tiltak for å sikra helleristningane, samt oppsetting av informasjonskilt. Det er høgt prioritert frå kommunen si side å koma vidare i denne saka. Her må ein gjera ei avklaring i samråd med kommunen om kva lokalitetar ein skal fokusera på.

BARK: Ja

Nivå: Middels

Samnøy

ID 35768, 6335, 25862

Det er mange arkeologiske kulturminne på Samnøy. Rimeleg samla ligg tre lokalitetar: Her er ein bergkunstlokalitet med mellom anna 18 skipsristningar, eit gravfelt med to gravrøyser der det òg er ein bergkunstlokalitet, og ei gravrøys som ligg for seg sjølv. Dette prosjektet treng avklaring. Aktuelle tiltak kan vera sti, skjøtselsplan og skilt.

BARK: Delvis

Nivå: Middels

Revhaugen

ID 64090

Revhaugen er ei gravrøys som er om lag 9meter i tverrmål og 1meter høg. Gravkista ligg open. Dette er eit lokalt tilrettelagt gravminne, som skildra i kapittel 4.2. Gravhaugen er skilta, og skiltet er plassert innanfor sikringssona til lokaliteten. Skiltet bør flyttast utanfor sikringssona, og eventuelt supplerast med eit skilt i regi av fylkeskommunen. Tilkomensten til haugen bør merkast, og informasjon om tilrettelegginga leggjast ut på nettsidene til kommunen. Arbeidet bør skje i samarbeid med grunneigar, kommune og initiativtakarane bak det lokale skiltet.

BARK: Ja, dersom naudsynt med nytt skilt.

Nivå: Lite



Granvin herad

Det er registrert 36 arkeologiske lokalitetar i Granvin herad.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Ingen

1. Hause, Munkarøysi

ID 55574

Gravrøysa ”Munkarøysi” er om lag 14meter i tverrmål og 1 meter høg, og er godt synleg i terrenget. Røysa ligg i nærleiken av eit gammalt vegfar, og ligg i eit fint turområde. Området er mykje i bruk lokalt til turområde, og eit skilt eller ein liten folder vil kunne formidla dette kulturminnet. Grunna lokalisering vil denne tilrettelegginga primært retta seg mot lokale folk.

BARK: Ja

Nivå: Lite

2. Seim Allmenning

ID 108555 med fleire

På Seim er det mange arkeologiske kulturminne under dyrka mark. Her er mellom anna stolpehol, restar av gravhaugar, dyrkingslag, spor av gamle vegrar, kokegropar, og så vidare. Nokre av lokalitetane er utgravne, og det er difor mykje informasjon å formidla om forhistoria her. Det er lett tilkomst frå veg, og moglegheit til parkering i nærleiken. Parkering må avklarast nærmere. Her kan ein lett formidla kulturminna i området gjennom eitt eller fleire kulturminneskilt, eller eventuelt òg formidling på internett.

BARK: Ja

Nivå: Lite

3. Generell formidling forhistorie

ID 108530 med fleire

Granvin har spennande lokalitetar, men få er eigna for tilrettelegging. Tilkomst er ofte vanskeleg på grunn av vegrar og terrenghøve. Formidling av forhistoria i kommunen frå ein sentral plass vil vera tilgjengeleg for alle, og vil vera ein god måte å synleggjera spennande lokalitetar som elles ville vera kjent for svært få.

BARK: Ja

Nivå: Lite



Jondal kommune

Det er registrert 60 arkeologiske lokaliteter i Jondal kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Kaldhagen Bakko ID 105587 – ingen endring

(Prosjekt som ikkje skal endrast er merka med ”OK” på kartet.)

1. Nausttuft Herand

ID 112436

I Vik i Herand ligg det ei godt synleg nausttuft som er godt kjent blant lokale. Nausttufta er spesiell då eit kyrkjebåtnaust frå mellomalderen med mura veggar er bygt i forlenginga av ei nausttuft frå jernalderen. Tufta er del av eit gammalt naustmiljø som er tilrettelagt for formidling og vitjande med sti. Slik tufta ligg i dag er den eit skjemmande element i det elles velhaldne naustmiljøet. Det er trong til vegetasjonsskjøtsel og rydding, og sikringstiltak i form av reparasjon av ei veit som tidvis fører til erosjon på tuftevoll. Kommune, grendalag og grunneigar er aktuelle og positive samarbeidspartnarar. Det er utarbeidd eit framlegg til ein skjøtselsplan her.

BARK: Nei

Nivå: Lite

2. Byrkjebuin gravrøyser

ID 112441, 112440

På eit nes ligg det to gravrøyser frå bronsealder-jernalder. Den eine røysa er 12-15meter i tverrmål og 2-3 meter høg, den andre er 12 meter i tverrmål og 1,5-2meter høg. Her skal ha vore ytterlegare ei røys, men denne er tapt. I kommunedelplan for kulturminne nemner Jondal kommune gravrøysene på Byrkjebuin som eit prioritert område for tilrettelegging. Her er det eksisterande avkjørsel frå riksvegen, og det er ofte bobilparkert ved røysene. Informasjon er naudsynt for å sikra kulturminna mot aktlaus skade, og med formilding og vegetasjonsskjøtsel kan røysene verta eit attraktivt og godt synleg element.

BARK: Ja

Nivå: Lite

3. Jondal, Katanes

ID 112445

I Jondal sentrum ligg ei nausttuft frå jernalder-middelalder. Tufta er synleg som eit markert søkk, med øvre mål 33x18meter. Området kring tufta er eit parkareal, og her er mellom anna sett opp benkar. Det har vore fleire andre kulturminne i nærleiken, og her har vore gjort utgravingar. Eit formidlingsskilt her vil vera tilgjengeleg for mange, og kan formidla alle kulturminna i området. Her må utarbeidast ein skjøtselsplan.

BARK: Ja

Nivå: Lite

4. Herand, kulturløype

ID 91280, 91275, 91277, (91278)

Herand i Jondal er eit område rikt på kulturminne av mange slag. Særleg er det mange hellarar her, og det er kjent mykje informasjon om desse gjennom Hellerprosjektet Universitetsmuseet i Bergen har gjennomført her. Her er det laga til ei lokal kulturløype som mellom anna går forbi fleire hellarar. Dette prosjektet er skildra i kapittel 4.1. Her er trong til betre formidling av desse kulturminna og det bør setjast opp skikkelege skilttavler ved minimum ein av lokalitetane.

BARK: Ja

Nivå: Middels

5. Solesnes, skiferbrot

Ingen Askeladden-ID

Steinbrotet er kjent frå kjelder frå 1421 og ligg i tilknyting til eit meir moderne steinbrot. Dette gjer at kan vera vanskeleg å oppfatta at dette er eit automatisk freda kulturminne. Det gjer likevel moglegheiter for formidling av heilsakeleg perspektiv på skiferbruk frå middelalder til i dag. Lokaliteten ligg i eit gammalt og spennande kulturlandskap med styva tre og hellarar, og tilkomsten til staden er god. Skiferbrotet er ikkje lagt inn i Askeladden, men er regulert til vern. Her har vore dialog mellom fylkeskommunen og kommune om å få til ei skilting og formidling. Staden er nemnt i kulturminneplanen til kommunen. Lokaliteten er førreformatorisk og automatisk freda. Prosjektet må avklarast nærrare.

BARK: Ja

Nivå: Middels



Kvam herad

Det er registrert 276 arkeologiske lokalitetar i Kvam herad.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Salthammaren, Vangdal ID 97522 – ingen endring

(Prosjekt som ikkje skal endrast er merka med ”OK” på kartet.)

1. Nausttuft Hamn

ID 105686, 105688

Nausttufta er 31 meter lang og 12,5meter brei og sannsynleg datert til jernalder/middelalder. Store delar av dei mura veggane i tufta står framleis, noko som gjer den svært spesiell. Tett ved tufta ligg det ein gravhaug som er om lag 5meter i tverrmål. Tidlegare var det beite i området, men her er no i ferd med å gro att. Rotvelter har ført til skade på murane, og for å unngå ytterlegare utrasing bør det utførast sikringsarbeid. Det må gjerast vegetasjonsskjøtsel i området for å unngå ytterlegare skade, og for å opna området og synleggjera kulturminna. Det bør gjennomførast skilting og formidling. Vital forsikring er eigar av tufta, og vil vera ein naturleg samarbeidspartnar for arbeidet.

BARK: Delvis

Nivå: Middels

2. Aksnes

ID 97541 og 97467

På Aksnes ligg det to gravrøyser frå jernalder nær vegen. Det har vore tyske festningsanlegg her, og den eine røysa er mest heilt bortrydda. Det er lauvskog i området, men kulturminna vart rydda i regi av vegvesenet i samband med prosjektet ”Nasjonale Turistvegar” i 2010. Det må utarbeidast skjøtselsplan for å sikra at området ikkje gror til att, og det bør setjast opp eit skilt som formidlar kulturminna.

BARK: Ja

Nivå: Lite

3. Sandven, Norheimsund

ID 97503

Ein gravhaug frå jernalder på om lag 20meter i tverrmål og 0,5 meter høg ligg i ei grøn ”lomme” i eit elles utbygt område. Haugen er litt påverka av nærlieken til bustadhús, men ligg elles intakt. Her bør utarbeidast ein skjøtselsplan, og setjast opp eit skilt som formidlar informasjon om haugen og om kva reglar som gjeld i høve til automatisk freda kulturminne.

BARK: Ja

Nivå: Lite

4. Blyberg

ID 97426 med fleire

Det er fleire kulturminne i dette området. Her er mellom anna ein gravhaug frå jernalderen. Haugen er skadd av parkeringsplass og andre tiltak. Det er òg ein skålgrøplokalitet i området. Tilkomst til desse kulturminna er varierande, og området er mykje påverka av moderne tiltak. Det er likevel mykje spennande å formidla her. Her er det allereie tilrettelagt med benkar, og det er moglegheit for parkering ved vegen. Området kan leggjast til rette i samarbeid i med vegvesenet i samband med reguleringsplan for området. Det bør utarbeidast skjøtselsplan og setjast opp eit formidlingsskilt.

BARK: Delvis

Nivå: Lite

5. Ljoneshalvøya

ID 97441 med fleire

Det er mange registrerte arkeologiske kulturminne kring kysten på Ljoneshalvøya. Her er kolgropar, gravfelt, og graver som ligg for seg sjølv. Kulturminna bør sjåast under eitt og formidlast i samanheng. Eit alternativ er å laga til ei kulturløype med merka lokalitetar, hovudskilt og ein liten folder. Dette prosjektet treng avklaring og det må gjerast eit utval av kva lokalitetar som er eigna for denne typen formidling.

BARK: Ja

Nivå: Middels

6. Breiemne, Skjering

ID 105680 med fleire

To gravrøyser frå bronsealder/jernalder ligg på eit nes med spreidd furuskog. Dei er noko skadde av utkasting av stein, men framleis godt synlege. I den eine røysa er det eit synleg gravkammer. Ved røysene er det ein mura struktur med uviss funksjon, men som kan ha samanheng med røysene. Kulturminna ligg i eit mykje brukturområde, og er lett tilgjengelege frå vegen. Strandebarm Grendautval ynskjer å gjera skjøtsel på staden, og å få satt opp eit skilt som fortel om kulturminna. Det er utarbeidd eit framlegg til ein skjøtselsplan for lokaliteten.

BARK: Tidlegare tildelt midlar

Nivå: Lite

7. Norheim, Gullurd

ID 97443

Gullurd er ei gravrøys som er om lag 20meter i tverrmål og 1-2,5meter høg. Røysa er ei kvinnegrav frå eldre jernalder. Den vart utgraven i 1915 og her vart funne mellom anna glasperler, synåler, beinkam og mykje meir. Det bør utarbeidast ein skjøtselsplan og setjast opp formidlingsskilt.

BARK: Ja

Nivå: Lite


8. Vikedal, Ålvik

ID 97487

Her er fleire røyser langs sjøen i området, dei fleste truleg frå bronsealderen. Røysene er til dels overgrodd. Det er spreidd busetjing i området, og det er moglegheit for parkering langs veg. Ein kan formidla anten gjennom fleire skilttavler eller ved å velja ut ein av lokalitetane og formidla resten av området i samanheng med denne. Det bør utarbeidast ein skjøtselsplan.

BARK: Ja

Nivå: Middels



Kvinnherad kommune

Det er registrert 294 arkeologiske lokalitetar i Kvinnherad kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Gravfeltet på Sjo, Larsstø, ID 72972 – Oppgradering

Kulturløypa Halsnøy Kloster – Ingen endring

Formildingsskilt Kulturmiljø Seimsfoss – Ingen endring

Formildingsskilt Kulturmiljø Skåla – Ingen endring

(Prosjekt som ikkje skal endrast er merka med ”OK” på kartet.)

1. Sjo, Larsstø

ID 72972

Det er mange og varierte gravminne på gravfeltet på Larsstø. Her er ein bautastein, to steinkretsar, ei steinsetning, og fem gravhaugar og røyser. Gravfeltet er tilrettelagt, og dette prosjektet er skildra i kapittel 4.2. I dag er feltet dels tilgrodd på grunn av manglande skjøtsel, og det er trong til oppgradering med skjøtselsplan, reparasjon av gjerde og eventuelt nytt skilt. Det er laga til ein kort folder, og denne bør trykkast opp og formidlast. Det er lokalt initiativ for å gjera skjøtsel her.

BARK: Ja

Nivå: Lite OPPGRADERING

2. Rosendal

Fredingsområdet, lagt inn med ID 109023

Rosendal er eit nasjonalt verdifullt område der kulturelementa syner langt tidsspenn og bruk av området. Baroniet og området kring dannar ein heilsak med kulturminne frå eldre og nyare tid, og kulturlandskapet er drifta og velhalde. Det er fredingssak under arbeid for området. Riksantikvaren har tidlegare tildelt midlar til eit forprosjekt om universell tilrettelegging av området kring Baroniet. Ei tilrettelegging her bør fokusera på området som heilsak, med kulturminne frå eldre og nyare tid. Prosjektet er prioritert grunna fredingssak for området. Her må gjerast ei avklaring av kva form tilrettelegginga bør ta, men ei kulturløype med dels universell utforming er eitt alternativ.

BARK: Ja

Nivå: Stort.

3. Sydnes

ID 66380, 6403, 15773 med fleire

I området kring Sydnes ligg det ei unik samling gravrøyser. Her er mellom anna ”Langarøysa”, som er 45meter lang, 6-8meter brei, og opptil 1meter høg. Grunneigar har tidlegare gjort skjøtsel her, men røysa har seinare grodd til att og er no lite synleg. Området er lokalt tilrettelagt med sti, og det er flotte turmøgleheter her. Tilkomsten er god, og her er råd å parkera. Staden er veleigna for tillaging av ei kulturløype, med til dømes skilt eller foldarar med informasjon. Her er òg registrert buplassar frå steinalder i området.

BARK: Ja

Nivå: Lite

4. Gjerde, Mauranger

ID72967

Fem røyser frå jernalderen ligg noko utsett til på eit lite nes kalla Veasteinen. Området kring lokaliteten er øydelagt av steinbrot og store steinfyllingar. Kulturminna er i fare for å verte øydelagt. Det bør utarbeidast ein skjøtselsplan setjast opp eit formidlingsskilt for å sikra kulturminna mot aktlaus skade og formidla dei til folk i området.

BARK: Ja

Nivå: Lite


5. Høylandsbygd, Slettanes

ID 72966

Gravfeltet på Slettanes er eit felt med utelukkande gravhaugar frå vikingtid, noko som gjer det unikt for Vestlandet. Området er innmarksbeite i dag. Her er grei tilkomst, men denne passerar tett inntil gardshusa. Her er ikkje parkering. Feltet er no i ferd med å gro til, og det er trong til skjøtsel. Ved tidlegare initiativ på området ynskte ikkje grunneigar tilrettelegging. Det må utredast kor vidt situasjonen er den same i dag, eller om grunneigar no er meir open for tilrettelegging.

BARK: Ja

Nivå: Middels



Lindås kommune

Det er registrert 97 arkeologiske lokalitetar i Lindås kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Ingen

1. Gravfelt på Fosse

ID 115740 med fleire

På Fosse ligg eit gravfelt frå jernalderen. Her er både haugar og røyser, og kulturminna er i hovudsak 5-10 meter i tverrmål og relativt låge av høgd. Terrenget her er knausete og dekt av ope skog. Det vil vera naudsynt med lettare vegetasjonsskjøtsel. Gravminna ligg om lag 100meter frå næreste veg og ein kan eventuelt gjera lett merking av tilkomst. Formidling kan gjerast i form av skilting eller folder. Grad av tilrettelegging må avklarast med grunneigar i høve til kva området er nytta til i dag.

BARK: Ja

Nivå: Middels

2. Fammestad, Husabøen

ID 72986

Dette er eit øydegardsanlegg frå middelalder med fleire synlege tufter og rydningsrøysar. Her er flott utsikt frå staden. Det er i dag beiting med småfe i området. Dersom denne aktiviteten tek slutt vil lokaliteten gro til i løpet av kort tid. Ein skjøtselsplan vil sikra kulturminneområdet mot attgroing, og skilting og merking av tilkomst vil formidla kulturminna til vitjande.

BARK: Ja

Nivå: Middels

3. Hope

ID 55188 med fleire

På Hope ligg fleire gravrøyser langs eit høgdedrag. Her seks lokalitetar med røyser, men nokre av dei kan vera rydningsrøyser. Nokre av røysene er godt synlege, medan andre har sterkt trong til skjøtsel. Skjøtsel av kulturminna og klypping og merking av ein sti kan gjera dette til ei interessant kulturløype. Ein enkel folder eller eventuelt skilting av einskilde kulturminne vil formidla kulturminna. Det må utarbeidast ein skjøtselsplan.

BARK: Ja

Nivå: Lite


4. Alverstraumen, Kongsoyna

ID 15789 med fleire

På Kongsoyna ligg det ein gravhaug i eit regulert friluftsområde. Haugen er nedbeita og godt synleg. Kommunen aukar no fokuset på området som eit attraktivt friluftsareal, og formidling av kulturminnet og kva reglar som gjeld slike kan sikra haugen mot aktlaus skade, samt gjera kulturminnet til eit spennande element i landskapet. Oppsetting av formidlingsskilt og utarbeiding av skjøtselsplan er aktuelle tiltak.

BARK: Ja

Nivå: Lite



Masfjorden kommune

Det er registrert 11 arkeologiske lokalitetar i Masfjorden kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Ingen

1. Treet, Matersdalen ID 150447

I Matersdalen er det eit nyleg innrapportert område med tufter frå jernalder og middelalder, og nyare tids kulturminne som geil og steingjerder. Kulturminna ligg i eit flott kulturlandskap, og er lite påverka av moderne inngrep med unntak av vegen opp Matersdalen som går gjennom kulturminneområdet. Skilting av denne lokaliteten vil kunna trekkjast saman med formidling av ein kjend hellerlokalitet lenger inne i Matersdalen, der rasfare gjer det lite eigna å skilta. Lokaliteten må kontrollregistrerast før ein kan ta ei endeleg avgjerd om kva form tilrettelegging bør ta.

BARK: Ja


Nivå: Lite

2. Gravrøyser Sætene Ingen ID

På ein terrasse med flott utsikt ligg det to, kanskje tre gravrøyser frå jernalderen. Ei av røysene er om lag seks meter i tverrmål, og er godt synleg. Området er eit flott og velhalde kulturlandskap med mange nyare tids kulturminne, som steingardar, vegar og liknande. Ein reguleringsplan for området er under utarbeiding, og kulturlandskapet og kulturminna vil verte regulert som omsynssone. Det er sau på beite her, og kulturminna har ikkje trong til skjøtsel. Skilting og plan for skjøtsel dersom beitinga tar slutt er aktuelle tiltak her.

BARK: Ja

Nivå: Lite



Meland kommune

Det er registrert 57 arkeologiske lokalitetar i Meland kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Ingen

1. Leirvik

ID 108033 med fleire

Ved golfbana i Leirvik er det registrert ei rekke lokalitetar. Her er busetjingsspor frå jernalder, fleire buplassar frå yngre steinalder, og mykje meir. Funna og dateringane syner at området har vore nytta over eit langt tidsrom, truleg frå siste del av eldre steinalder og fram til i dag. Dei omfattande funna i området la avgrensingar på arealet som kunne opparbeidast til golfbane. Det er difor ynskjeleg å formidla kulturminna så den verdien desse representerer vert kjent, og kan vera til gleda og interesse for folk i området. Det må gjerast eit utval av kva kulturminne ein skal ta tak i og korleis formidlinga best kan gjennomførast. Skilt, folder, internett og eventuelt merking av kultursti kan vera aktuelle tiltak.

BARK: Ja

Nivå: Middels

2. Fosse

ID 25512

Nær turvegen til Fosse ligg ein gravhaug med ein straumstolpe ståande i haugen. Dette gjer det vanskeleg å sjå at dette er ein gravhaug. Området er mykje nytta til turgåing, og eit formidlingsskilt ved denne haugen vil verte sett av mange og gje turgårarane ei ny oppleving. Kommunen ynskjer at det vert sett opp eit skilt her.

BARK: Ja

Nivå: Lite

3. Setre

ID 55208

Lokaliteten omfattar to gravrøyser, ein gravhaug og eit vegfar, alle truleg frå jernalderen. Kulturminna ligg på ei knausete flate i utmarka. Kulturminna er klårt markert, men syner ikkje særleg godt i terrenget. Dei er lettare tilgrodd. Her bør utarbeidast skjøtselsplan, gjerast skjøtsel og setjast opp skilt. Eventuelt kan ein merka tilkomst til kulturminna.

BARK: Ja

Nivå: Lite

4. Flatøy


ID 107938

På Flatøy er det registrert ei rekke steinalderlokalitetar, men svært mange av desse er utgrave og fjerna i samband med byggetiltak. Ein stad på øya ligg det att nokre steinalderlokalitetar i eit grøntareal, og det går ein sti gjennom dette området. Lokalitetane er dels trua av slitasje frå stien, og av moderne inngrep i nærleiken.

Då Flatøy er så rik på steinalder er det ynskjeleg å formidla dette. Dette kan anten gjerast ved generell formidling på ein lett tilgjengeleg stad, til dømes ein parkeringsplass. Alternativt kan ein laga til ei lita kulturløype ved dei lokalitetane som ligg att, og formidla andre lokalitetar på øya i samband med denne. Dette prosjektet treng avklaring.

BARK: JA

Nivå: Lite



Modalen kommune

Det er registrert 10 arkeologiske lokalitetar i Modalen kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Ingen

1. Hellerisning ved Mostraumen, Seljanes ID 91322

Lokaliteten er eit mindre helleristningsfelt med to skipsfigurar. Ristningane er lite synlege, og har vore trua av klatreruter i berget ved kulturminnet. Området kring lokaliteten er mykje skjemma og er ein stor grusa parkeringsplass. Her var før store grusavsettingar, men desse er fjerna og det er no ikkje noko som minner om slik området her såg ut tidlegare. På grunn av dei fjerna massane ligg ristningane no nokre meter over bakkenivå. Kommunen ynskjer prioritera området og gjera det til eit område for heilskapleg formidling av ikkje berre helleristningane men òg anna forhistorie, samt geologi, nyare tid, og så vidare. Plassen er godt eigna til universell tilrettelegging. Det er viktig å avklara trafikktrygg avkjørsle og skilting frå hovudveg.

BARK: Nei


Nivå: Middels

2. Heller på Nottveit ID 91306

I verneplan for kulturminne i Modalen kommune er Naustmiljø på Nottveit eit av dei utvalde kulturminna/kulturmiljøa. I dette naustmiljøet er registrert ein hellar med spor etter aktivitet frå steinalder. Planen nemner ikkje noko om tilrettelegging av dette miljøet, men det er lite steinalder registrert i dette området, og lokaliteten verkar vera ein av dei meir eigna for tilrettelegging i kommunen. Staden er dels synleg frå Mostraumen (pri.1) og det kan vera aktuelt å la formidling av lokaliteten gå inn som del av skilting her.

BARK: Ja

Nivå: Lite



Odda kommune

Det er registrert 122 arkeologiske lokalitetar i Odda kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Ingen

1. Jernvinneanlegg Seljestad

ID 107458 med fleire

På Seljestad er det registrert eit svært stort tal kolgropar og jernvinneanlegg. Ein del av desse kulturminna ligg nær ei lysløype og ein stølsveg. Kulturminna er frå jernalder-middelalder, og vitnar om stor aktivitet i området. Odda kommune ynskjer sjå på ei samla formidlingsløysing for dette området, der einskilde objekt kan framhevest med eiga skilting. Aktuelle tiltak kan vera merking av kulturminne, skilting av einskilde lokalitetar, utarbeiding av folder, og liknande. Det bør utarbeidast skjøtselsplan og gjerast skjøtsel på lokalitetar som treng dette. Her er parkeringsmogleigheter i området.

BARK: Ja

Nivå: Middels

2. Kongshaugen, Apvold

ID 101894

"Kongshaugen" er ei gravrøys som er 12meter i tverrmål og om lag 2meter høg. Røysa er stor og imponerande å sjå til. Gravminnet er truleg frå bronsealderen. Her bør utarbeidast ein skjøtselsplan og gjerast skjøtsel. Odda kommune ynskjer at kulturminnet vert skilta, og det kan då nyttast til formilding i skulesamanheng.

BARK: Ja

Nivå: Lite

3. Bygdeborg Sandvinshaugen

ID 101841

Borga er truleg frå jernalder. Den ligg øvst på ein haug, og ein 8meter lang mur vernar søre kant. Odda kommune ynskjer å skilta ved tilkomst/veg, samt skilta på sjølve platået der borga ligg.

BARK: Ja

Nivå: Lite

4. Bygdeborg Åstehelleberget


ID 101832

Bygdeborga er truleg frå jernalder og er danna dels av naturlege stup og dels av murar. I eine muren er det ein smal opning med mur på begge sider. Odda kommune ynskjer å skilta ved tilkomst/veg, samt skilta på sjølve platået der borga ligg.

BARK: Ja

Nivå: Lite

Tilrettelegginga av bygdeborgene bør sjåast i samanheng. Kan hende er det ikkje ynskjeleg å tilretteleggja begge desse kulturminnelokalitetane, eller at ein av lokalitetane ikkje er eigna. Dette er noko som treng avklaring.



Os kommune

Det er registrert 67 arkeologiske lokaliteter i Os kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Ingen

1. Hauge ID 103257, 55241 med fleire

På golfbana på Hauge ligg det fleire gravhaugar frå jernalderen. Skjøtsel av gravminna på golfbana er nedfelt i føresegnene til reguleringsplanen for området, og er delvis gjennomført. Ein av haugane er dels overgrodd og grunneigar ynskjer no å ta meir tak i dette. Her er fleire haugar innan synsvidde, og eit kulturminneskilt her vil òg kunna formidla generell kulturhistorie i området. Haugene på golfbana er regulert til spesialområde bevaring. Det er god tilkomst til i alle høve den eine haugen, og her er gode parkeringsmoglegheiter.

BARK:

Nivå: Lite

2. Vargavågen

ID 55238 med fleire

I Vargavågen er det ei rekkje kulturminne. Her er kleberbrot frå jernalderen, ein bergkunstlokalitet, ein hellar med spor frå jernalderen, med meir. Området er delvis lokalt tilrettelagt, og dette prosjektet er skildra i kapittel 4.2. Her er trong til ei oppgradering og formalisering av den eksisterande tilrettelegginga, med parkering, merking av kulturminne og oppsettning av fleire skilt, eventuelt utarbeiding av folder. Her bør som eit minimumstiltak setjast opp informasjons- og forbodsskilt for sikra mot skade og hærverk. Her må gjerast ei vurdering av korvidt alle lokalitetane i området skal inngå i ei tilrettelegging.

BARK: Ja

Nivå: Middels



Osterøy kommune

Det er registrert 46 arkeologiske lokaliteter i Osterøy kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Gjerstad, Kultursti i gardslandskapet, ID 135899m.fl - Oppgradering

1. Ståvikje, Lonevåg

ID 55248

To godt synlege nausttufter og ein gravhaug ligg mellom foten av ei jordfylling og ein dam med brakkvatn. Vågen utanfor kulturminna der fjorden ein gong gjekk inn er fylt att, og visuell tilknyting til sjø er broten. Området er i kommunesentrum, og ligg nær kommunehuset, barne-, ungdoms-, og vidaregåande skule. Her er det trong til skilt og vegetasjonsskjøtsel. Det er laga til ein sti ned jordfyllinga, og nedre del av denne treng utbetring. Grendalaget er interessert i å gjennomføra skjøtsel, og kulturminna ligg godt til for å verte ”adoptert” av lokale skular. Lokaliteten er godt synleg frå parkeringsplass ved bussterminal. Ein kan vurdera å skilta her i tillegg til ved sjølve lokaliteten. Eit skilt ved bussshaldeplassen vil vera tilgjengeleg for alle, og ein kan oppleva lokaliteten utan å aktivt oppsøkja den. Det er omsøkt om motteke midlar til eitt skilt på lokaliteten, men det er aktuelt å søkja om midlar til eit universelt utforma skilt i tillegg.

BARK: Ja


Nivå: Lite

2. Gjerstad, Kultursti i gardslandskapet - Oppgradering

På Gjerstad ligg det ein kultursti som omfattar fleire kulturminne. Her er gravhaugar og gravrøyser frå jernalderen, og geil og steingardar frå nyare tid. Dette prosjektet er skildra i kapittel 4.1. Ein bør avklara kor vidt dette prosjektet kan oppgraderast, til dømes ved å rydda og merka stiar vidare forbi andre kulturminne, til dømes ID 66441 på Hartveit.

BARK: Ja

Nivå: Middels



Radøy kommune

Det er registrert 125 arkeologiske lokalitetar i Radøy kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:
Fosenstraumen steinaldersti, ID 66458 - Oppgradering

1. Fosenstraumen OPPGRADERING

Sjå Austrheim kommune, prioritet 1

2. Flona og Toska ID 91044 med fleire

Det ligg eit stort tal buplassar frå steinalderen på desse øyane. Området er lett tilgjengeleg og det er eit flott turområde. Det er utmark, og det er gode parkeringsmoglegheit langs vegen. Området er eit viktig kulturminneområde, og det er bra å signalisera dette gjennom tilrettelegging, særleg for Flona. Vegetasjonshøva i området gjer at det vil ikkje vera trøng til mykje skjøtsel. Ein må gjera eit utval av kulturminna, og her bør skiltast, merkast, og eventuelt utarbeidast ein folder.

BARK: Ja

Nivå: Middels

3. Gravrøys på Småsvelingen ID 60572

Småsvelingen er ein holme i eit populært fritidsområde for båtbruk. Her ligg det ei stor og tydeleg gravrøys som er mykje overgrodd av furu. Vegetasjonen gjer røysa lite synleg, og den er truleg i lita grad kjent for folk i området. Rydding vil gjera røysa godt synleg frå båt, og informasjon kan formidlast gjennom nettsidene til kommunen. Det skal ikkje setjast opp informasjonsskilt, men det kan setjast opp skilt om at røysa er freda dersom dette vert eit problem. Det er utarbeidd framlegg til skjøtselsplan for lokaliteten, og ei lokal eldsjel ynskjer gjera skjøtsel. Villsau på beite vil syta for at området ikkje gror til att.

BARK: Nei


Nivå: Lite

4. Kvolmesundet ID 45503

Ytst på Kvalheimsneset ligg det ei gravrøys frå bronsealder-jernalder. Den er stor og markant, kring 13 meter i tverrmål og 1,5meter høg, og det er i nyare tid sett opp ein bautastein litt til sides for sentrum av røysa. Det er lokale historier knytt til denne steinen og til grunnen bak at den vart sett opp her. Røysa er mykje overgrodd av einer. Dersom røysa vart rydda ville den vera svært godt synleg for ferdande med båt i området. Det bør utarbeidast skjøtselsplan og setjast opp eit skilt her.

BARK: Ja

Nivå: Lite



Samnanger kommune

Det er registrert 10 arkeologiske lokalitetar i Samnanger kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Ingen

1. Kleberbrot

ID 97618, 97619

Dei førreformatoriske kleberbrota ”Munkahogget” og ”Krossasmetta” ligg i utmarka ovanfor Årland. Det har lenge vore lokalt ynskje om å leggja til rette kleberbrot i Samnanger med turstiar og skilt. Lokalitetane ligg i skrånande og dels skogkledd terreng, og her er turstiar ikkje langt frå kulturminna. Det må gjerast eit utval av kva som er best eigna i høve til tilrettelegging av stiar og tilkomst. Skilting og informasjon på internett/kommunale nettsider, eller eventuelt utarbeidning av folder. Det bør utarbeidast ein skjøtselsplan for lokalitetane.

BARK: Ja

Nivå: Lite-middels

2. Ytre Tysse

ID 129582, 129583, 129584

I 2009 vart det registrert fleire busetjingsspor frå bronsealder/jernalder på Ytre Tysse i Samnanger. Det er fleire SEFRAK-registrerte bygg i området, og lokalitetane ligg som spesialområde bevaring i eit område med busetnad. Formidling av lokalitetane og av kulturhistoria elles i området med gamle bygningar og kulturlandskap kan lett gjerast gjennom skilting og eventuelt internettformidling. Det bør utarbeidast ein skjøtselsplan for lokalitetane.

BARK: Ja

Nivå: Lite



Stord kommune

Det er registrert 113 arkeologiske lokalitetar i Stord kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Ingen

1. Gravrøyser Hystadmarka

ID 35508 med fleire

Det ligg mange gravrøyser i eit naturreservat i Hystadmarka. Her er gjort ei tilrettelegging og formidling av natur- og kulturelement i området, og dette prosjektet er skildra i kap 4.1. Hordaland fylkeskommune vil skifta ut eksisterande skiltplater på grunn av slitasje på eksisterande skilt, og har fått tildelt midlar til dette. Ein vil vurdera moglegheitene for å setja opp ytterlegare skilt her, eller utvida tilrettelegginga til å inkludera fleire kulturminne. Det bør utarbeidast skjøtselsplan for dei arkeologiske kulturminne i området.

BARK: Ja dersom oppgradering

Nivå: Middels

2. Nausttuft og gravhaug Rommetveit

ID 45542, 15870

Ei nausttuft og ei gravrøys frå jernalder ligg ved sjøen om lag 350meter frå kvarandre. Røysa er dårleg markert og lite synleg. Nausttufta er skjemma av ein grussti som går frå lærarskulen og ned mot sjøen. Tufta vert lett fylt med rask og vegetasjonskapp. Her bør utarbeidast ein skjøtselsplan og skiltast for å unngå ytterlegare skade på nausttufta. Lærarskulen er ein særskild aktuell aktør å trekkja inn som samarbeidspartner. Gravrøysa bør formidlast saman med tufta, og eventuelt ryddast fram.

BARK: Ja

Nivå: Lite

3. Kulturlandskap på Føyne og Digernes

ID 129523 med fleire

Kommunedelplan for kulturminne i Stord kommune trekkjer fram kulturlandskapet på Føyne og Digernes som særskild viktige. Det er registrert ei rekke arkeologiske lokalitetar i begge desse områda, med steinalderbuplassar, gravhaugar, og mykje meir. Det har vore drive jordbruk frå jernalderen og til i dag, og landskapet er prega av dette. Nyare og eldre tids kulturminne i kulturlandskapet gjer områda særleg verdifulle. E39 går gjennom området, og gjer staden lett tilgjengeleg for bilistar og turgåarar/syklistar. Området er viktig for rekreasjon og for formidling av kulturmiljø. Merking av kulturminne og skilting eller anna formidling kan vera aktuelle tiltak her. Skjøtsel bør skje i form av oppretthaldning av beiting, og det er viktig at ei tilrettelegging ikkje kjem i konflikt med dette. Tilrettelegging bør skje som del av ein heilskapleg tanke om området. Prosjektet må avklarast i samråd med kommune og grunneigarar.

BARK: Ja

Nivå: Middels-stort

4. Busetjingsspor, Hatland, Heiane sør

ID 147434 med fleire

Registreringar i samband med ein reguleringsplan for området avdekkja funn av kokegropar og busetjingsspor frå bronsealder – jernalder. Området vil verte utbygt med skule og busetjing, og tiltakshavar og kommune ynskjer tilrettelegging og formidling av lokalitetane. Fylkeskommunen vil stilla krav om skjøtselsplan gjennom planføreseggnene. Området vil vera eigna for ei tilrettelegging med universell utforming. Kulturminna bør skiltast, men konkrete tiltak må avklarast nærmere i dialog med tiltakshavar og kommune.

BARK: Ja

Nivå: Middels-stort



Sund kommune

Det er registrert 111 arkeologiske lokalitetar i Ullensvang kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Ingen

1. Hummelsund kulturminneområde ID 66507 med fleire

På begge sider av Hummelsundet ligg det ei rekke arkeologiske kulturminne. Her er eit gardsanlegg datert til jernalder/middelalder med synlege tufter, ein aktivitetsplass frå steinalder, tufter og båtopptrekk frå jernalder, ein brønn, og mykje meir. På nordre sida av sundet går ein sti langs stranda og over fleire av lokalitetane. Denne er dels opparbeidd med plankar og kavlebruer der stien er fuktig. Nokre av lokalitetane er vanskeleg synlege på grunn av planteskog. Det ligg ein campingplass ved enden av stien, ikkje langt frå eine lokaliteten. Det er ferdsle i området i samband med båtar, tilkomst til eit naust, og ei flytebrygge. Det bør gjerast skjøtsel og utarbeidast skjøtselsplan, stien bør merkast og kan hende leggjast om for å unngå slitasje på kulturminna, og kulturminna bør formidlast gjennom skilt, folder eller liknande.

BARK: Ja

Nivå: Middels

2. Gårdsanlegg, Midttveit ID 45559

Øydegardsanlegget omfattar ei hustuft og tretten røyser, og er synleg i terrenget. Anlegget er truleg frå jernalder-middelalder. Her vart på eit tidspunkt planta skog på lokaliteten, og det har lenge vore planer og dialog med kommunen om tilrettelegging og skjøtsel. Skogen bør fjernast for å unngå skade på kulturminna og å synleggjera desse. Her må utarbeidast ein skjøtselsplan, og ein bør merka tilkomst til lokaliteten. Skilt eller eventuelt ein liten folder kan formidla informasjon om kulturminna

BARK: Delvis

Nivå: Middels

3. Fjæremannstufter, Store Risøyna ID 45557 med fleire

Store Risøyna har ikkje fastlandsforbindelse, og her er ikkje busetting på øya. Her er fleire tufter og båtopptrekk frå yngre jernalder, steinalderbuplassar, tufter frå jernalder-middelalder, med meir. Då kulturminna berre er tilgjengeleg med båt og det ikkje er ynskjeleg med auka aktivitet i området kring lokalitetane, er det her eit alternativ å gjera formidling frå fastlandet. Skilt eller annan informasjon tilgjengeleg på ein sentral plass kan spreie informasjon om kulturminna. Det må avklarast kor stor aktivitet det er på øya, og ein må vurdera kor vidt det bør setjast opp opplysningsskilt om kulturminna og lovar knytt til desse på sjølve øya for å unngå skade på lokalitetane.

BARK: Ja

Nivå: Lite

4. Skaganeset, Kvalvågen

ID 97070 med fleire

Det ligg fleire steinalderbuplassar på Skaganeset ved Kvalvågen. Området Skaganeset og Kvalvågen har i tillegg ei heilt unik kvalfangsthistorie, og her er automatisk freda tradisjonslokaltetar. Riksantikvaren vurderer heile området til å vera av nasjonal verdi. Ei tilrettelegging og formilding av området bør fokusera på den samla verdien området har, og formidla området og kulturminna som ein heilskap.

BARK: Ja

Nivå: Middels



Sveio kommune

Det er registrert 120 arkeologiske lokalitetar i Sveio kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Gravrøys på Kvitanes, ID 106002 – Ingen endring

(Prosjekt som ikkje skal endrast er merka med ”OK” på kartet.)

1. Bygdeborg på Børshovda, Røykjenes

ID 106039

På Børshovda ligg ei bygdeborg, og her er merka tursti opp dit. Det er mange lokalt som veit at her skal vera ei borg, men utover dette er det lite kunnskap. Området er tilgrodd med krattskog. Her er lokale avtaler om rydding og merking av stien, og oppsetting av karttavle. Det er lokalt ynskje om skjøtsel av området, og oppsetting av formildningsskilt som set bygdeborga inn i ein større samanheng og fortel kva ein veit om borga. Tiltak er skilt og skjøtselsplan.

BARK: Ja

Nivå: Lite

2. Gravrøys og bautasteinar Istertveit

ID 106073

Her er ei gravrøys som er om lag 7meter i tverrmål og 1meter høg. Aust for røysa står det to bautasteinar som er kalla ”Brørsteinane”. Det er knytt lokale segner til desse steinane, men desse segnene er ukjende for mange av brukarane av området. Det går ein mykje bruk tursti forbi staden, men denne er ikkje merka. Gravrøysa er vanskeleg å finna. Stien vil verte rydda og merka, og det vil verte sett opp startpunkt tavle med kart og turomtale. Eit lokallag har teke på seg å merka og rydda stien. Det er ynskjeleg med eit kulturminneskilt som viser kvar gravrøysa ligg, og som fortel historia til gravminnet og bautasteinane, og dei lokale segnene knytt til dette. Det må utarbeidast skjøtselsplan og gjerast skjøtsel.

BARK: Ja

Nivå: Lite

3. Gravrøyser på Røysanes, Tittelsnes

ID 106019 og 106018

Her ligg to store gravrøyser. Ei røys er 14meter i tverrmål og 3meter høg, den andre er 15meter i tverrmål og 2meter høg. Gravminna er truleg frå bronsealderen. Røysene er lett synlege i terrenget. Det går ein mykje bruk tursti til ”Røysaneset” men merkinga er därleg. Orienteringslaget nyttar området, og har sett opp eit provisorisk skilt med informasjon om gravrøyssene. Kommunen har plan om rydding og merking av stien, og eit lokalt lag har tatt på seg arbeidet med dette. Det vil verte sett opp startpunkt tavle med kart og turomtale. Det er ynskjeleg med eit kulturminneskilt som fortel om staden. Det er òg trond til skjøtselsplan og skjøtsel.

BARK: Ja

Nivå: Lite

4. Gravfelt på Eilerås

ID 106009

På Eilerås ligg eit gravfelt med minst 31 røyser over eit strekke på kring 200 meter. Dei fleste av røysene er godt synlege, og er stort sett ikkje over 5meter i tverrmål. Gravfeltet er truleg frå jernalder. Feltet er ikkje tilrettelagt eller skilta, men ligg lett tilgjengeleg og godt synleg nær vegen. Området er i dag nytta til beite. Det er her ynskjeleg med eit kulturminneskilt ved vegen, og eventuelt merking av tilkomst dersom dette ikkje stirr med grunneigar sin bruk av området. Beiting held vegetasjonen nede i området, men det bør utarbeidast ein skjøtselsplan eller avtale om varsling for å sikra at kulturminna ikkje gror til dersom beitinga i området tar slutt.

BARK: Ja

Nivå: Lite

5. Hellaruplassar på Fjon

ID 102236 og 112163

På Fjon ligg det to hellarar med busetjingsspor tett ved einannan. I den eine hellaren er det gjort fleire funn som syner at her var busetjing i steinalderen. Hellarane ligg lett tilgjengeleg ved ein tydeleg sti ein kort spasertur frå vegen. Ein av hellarane er utgraven, men den er framleis intakt. Staden er mykje nytta av gjestar ved ein campingplass i nærlieiken. Her er ikkje skilta eller gjort anna formidling. Det er trong til rydding av området kring hellarane og oppsetting av kulturminneskilt.

BARK: Ja

Nivå: Lite



Tysnes kommune

Det er registrert 105 arkeologiske lokalitetar i Tysnes kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Uggdalsdalen, ID 115763 med fleire - Oppgradering

Årbakka, ID 35534 - Oppgradering

1. Tysneset

ID 45567, 100121, 100122

På Tysneset er det ei stor gravrøys, ein rest av ein gravhaug og ein bautastein, alle frå jernalderen. Her er òg ein freda mellomalderkyrkjegard. Området er lokalt tilrettelagt, og dette er skildra i kapittel 4.2. Tysnes kommune har signalisert eit ynskje om oppgradering og formalisering av denne tilrettelegginga, men konkrete tiltak må avklarast nærmare.

BARK: Ja

Nivå: Lite

2. Gravrøys ved Våge

ID 66526

Nær kyrkja på Våge ligg det ei mykje overgrodd gravrøys tett ved vegen. Røysa er om lag 0,4meter høg, og er i dag svært lite synleg. Plasseringa gjer at enkel vegetasjonsskjøtsel vil gjera røysa godt synleg frå veg, kyrkje og sjø. Eit skilt ved denne lokaliteten vil vera tilgjengeleg for svært mange, og vil gjera kulturminnet kjent i lokalmiljøet. Tilrettelegging vil òg sikra røysa mot aktlaus skade. Området er i dag brakkland, og tilrettelegging vil ikkje vera i konflikt med andre brukarinteresser. Dette vil truleg vera ei enkel sak å gjennomføra.

BARK: Ja

Nivå: Lite

3. Uggdalsdalen

ID 115763 med fleire

Uggdalsdalen er rik på arkeologiske kulturminne. Her er gravfelt, ein veg som kryssar elva over eit vad, og ein øydegard. Området er allereie tilrettelagt med eit skilt, og denne tilrettelegginga er skildra i kap 4.2. Tysnes kommune har signalisert eit ynskje om ei oppgradering av denne tilrettelegginga. Her er grei tilkomst i dag, og her er sett opp bord og benkar. Det er ynskje om parkeringsplass og skjøtselsplan for området. Andre alternative tiltak er merka sti, fleire skilt eller eventuelt ein folder.

BARK: Ja

Nivå: OPPGARDERING Lite til middels

4. Gravfelt på Årbakka

ID 35534

Gravfeltet på Årbakka er eit stort gravfelt som ligg på ei slak flate ikkje langt frå sjøen. Her er registrert 31 enkelminne, mellom anna fleire bautasteinar, gravhaugar og steinringar.

Lokaliteten er tilrettelagt med skilt, og dette prosjektet er skildra i kap 4.2. Det må utarbeidast ein skjøtselsplan for lokaliteten, og ein må i større grad trekkja inn kommunen som ein aktør i saka. Tysnes kommune har signalisert ynskje om auka formidling av området, men konkrete tiltak må avklarast nærmere.

BARK: Ja

Nivå: Middels

5. Myklestad

ID 15895, 60628

I Hallgjerdsdsvika og på Eidaneset på Myklestad ligg det to gravrøyser. Den eine røysa er 8meter i tverrmål og opptil 1,5 meter høg, den andre er 10 meter i tverrmål. Det er enkel tilkomst til området, men røysene ligg på kvar side av eit industriområde. Særleg røysa i Hallgjerdsdsvika er svært nært dette området, og kan vera utsett for aktlaus skade. Begge røysene syner godt i terrenget, men er tilgrodde og har trong til skjøtsel. Det er usikkert om folk i området kjenner til desse kulturminna. Tysnes kommune ynskjer ei mindre tilrettelegging av desse røysene, men konkrete tiltak må avklarast nærmere.

BARK: Ja

Nivå: Lite

6. Onarheim

ID 148878 med fleire

Onarheim er eit mindre sentrumsområde og her er registrert fleire arkeologiske kulturminne, så vel som ei listeført kyrkje og ein automatisk freda mellomalderkyrkjegard. Dei arkeologiske kulturminna er ein kokegroplokalitet og busetjingsspor frå bronsealder, yngre romartid, og fleire dyrkingslag som syner jordbruk i området i fleire fasar i forhistoria.

Området er 1000års staden i Tysnes kommune. Historielaget i området ynskjer eit foredrag om kulturminna.

Det er ein reguleringsplan under utarbeiding for området, og ein vil avventa ferdigstilling av denne før ein avgjer kor vidt området er eigna for formilding. Aktuelle tiltak kan vera formidling i samband med skule, folder eller skilt, og liknande.

BARK: Ja

Nivå: (Lite) Middels



Ullensvang

Det er registrert 240 arkeologiske lokalitetar i Ullensvang kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Skålgrøstein Tveitane, ID 105726 – Ingen endring

(Prosjekt som ikkje skal endrast er merka med ”OK” på kartet.)

1. Skiparstod og kyrkjebakken

ID 100973 med fleire

Nausstufta ”Skiparstod” ligg i sentrum av Kinsarvik og er om lag 30meter lang og 16meter brei. Den er truleg frå jernalder-middelalder. Tufta er utgraven og restaurert, og er mykje nyttalokalt mellom anna til uteskule. Kommunen skjøttar kulturminnet og tilstand er god, men her er trong til mindre sikring for å unngå utrasing av muren. Eit gamalt skilt står på den eine restaurerte vollen. Det er her trong til eit betre skilt med ei meir eigna plassering. Det er utarbeidd framlegg til ein skjøtselsplan for lokaliteten. Formidling av lokaliteten bør sjåast i samanheng med formidling av den freda mellomalderkyrkja og kyrkjebakken, og eventuelt andre kulturminne i nærleiken.

BARK: Delvis

Nivå: Middels

2. Steinkors på Hesthammer

ID 100891

På Hesthammar står ein steinkross som er sett saman av to steinar. Kjelder seier at i 1626 stod det ein bautastein her, som var reist i minne etter ein som drukna. Truleg er det denne som i dag dannar vertikalalen av krossen. Denne bautasteinen er rekna som forhistorisk, og krossen er registrert som automatisk freda arkeologisk kulturminne. Den står i eit friluftsområde som er mykje i bruk. Aktuelle tiltak er skilt eller annan formilding av forhistoria i området, og eventuelt merking av tilkomst. Ein vil vurdera om prosjektet er eigna i samråd med kommune og grunneigar.

BARK: Ja

Nivå: Lite

3. Gravrøyser Meldestveit, Alsåker

ID 100791 med fleire

Her er 11 gravrøyser spreidd oppover eit dalføre. Det går ein traktorveg opp dalen, og gravminna er for det meste lokalisert nært vegen. Dei er mykje overgrodd og lite synlege. Dersom ein gjennomfører vegetasjonsskjøtsel og synleggjer kulturminna kan området vera eigna for tilrettelegging for kultursti. Aktuelle formidlingstiltak er formidling via internett, og utarbeiding av folder/skilt. Ein må gjera eit utval av kva kulturminne som er best eigna, eller om ein vil ta alle røysene med i prosjektet.

BARK: Ja

Nivå: Middels


4. Allmannaveg, ”Munketrappene”

Ingen ID

Vegen er eit tilknytingspunkt til Normannsslepene, og går opp frå Lofthus til ”Nosi”, Oppesjå. Munketrappene er ikkje lagt inn i Askeladden, men ein må pårekna at vegen er forhistorisk. Truleg er trappene laga av munkane knytt til Lysekloster. Skilt og skjøtselsplan er aktuelle tiltak her. Prosjektet treng nærare utgreiing.

BARK: Ja

Nivå: Lite



Ulvik herad

Det er registrert 73 arkeologiske lokalitetar i Ulvik herad.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Ingen

1. Gravfelt på Hylmestveita, Viknes

ID 25645

På Hylmestveita ligg der fleire gravminne tett samla. Røysene er godt synlege, og gravfeltet er truleg frå jernalderen. Her er det allereie merka ei turløype, og det er mogleg å parkera langs vegen. Lokaliteten ligg i fin bjørkeskog, og vegetasjonsskjøtsel må gjerast varsamt for ikkje å endra miljøet kulturminna ligg i. Her må lagast skjøtselsplan og setjast opp skilt som formidlar kulturminna. Parkering bør merkast, og merking av tilkomst kan vurderast.

Formidling via nettsidene til kommunen.

BARK: Ja

Nivå: Middels

2. Gravfelt på Tunheim, Lekve

ID 66539 med fleire

Her er eit gravfelt med 4 røyser som ligg ytst på ein oppdyrka terrasse. Røysene er 10-15meter i tverrmål, og er godt synlege i terrenget. Dei er nok tilvakse med vegetasjon. Det skal tidlegare ha vore gjort lokal skjøtsel her. Det bør lagast ein skjøtselsplan for lokaliteten og setjast opp skilt som fortel om kulturminna. Her er andre kulturminne registrert i området, og desse bør trekkjast inn i samanheng med denne lokaliteten.

BARK: Ja

Nivå: Lite

3. Gravrøyser ved Bruravik

ID 25644

Tett ved ferjekaien i Bruravik ligg det to gravrøyser frå bronsealder. Den eine røysa er 17meter i tverrmål og 0,5meter høg, og den andre er 17meter i tverrmål. Begge gravminna er dels overgrodd, men er godt synlege i terrenget. Det bør utarbeidast ein skjøtselsplan for kulturminna for å få dei rydda fram og synleggjort. Eit skilt på ferjekaien vil gjera informasjon om desse kulturminna tilgjengeleg for mange på ein enkel måte.

BARK: Ja

Nivå: Lite

4. Hallanger, Messekleiv

ID 25642, 45578 og 109012

På Hallanger står det ein liten bautastein, om lag 70cm høg. Her var ein gong fleire bautasteinar, men dei andre er no fjerna. Her har vore fleire kulturminne i dette området, men i dag er det att to gravrøyser og eit vegfar som er rekna som før-reformatorisk og som vitnar om ferdsle i området og forbi gravfelta. Skilt og skjøtselsplan er aktuelle tiltak her.

BARK: Ja

Nivå: Lite



Vaksdal kommune

Det er registrert 26 arkeologiske lokaliteter i Vaksdal kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Skipshellaren, ID 15917 - Oppgradering

1. Steinalderbuplass i Skipshellaren

ID 15917

Skipshellaren er ein steinalderbuplass som allereie er godt tilrettelagt, og prosjektet er skildra nærmare i kapittel 4. Tilrettelegginga fungerer godt, men formidlingsskiltet på lokaliteten er skadd og må skiftast. Fylkeskommunen har søkt om og motteke midlar til dette, og nytt skilt er prioritert for gjennomføring i 2012. Det må utarbeidast ein skjøtselsplan.

BARK: Nei

Nivå: OPPGRADERING

2. Gravfelt på Tettaneset

ID 35553

På Tettaneset ligg det eit stort gravfelt med 9 gravrøyser. Her er òg registrert 5 groper av ukjent funksjon, men som gir dateringar til romartid. Gravfeltet har stor forskingsverdi og har til nyleg vore ukjent og lagt fjernt frå folk. Utbygging fører til meir aktivitet i friområdet der lokaliteten ligg og lokaliteten er no kjent og vert nytta til ”jernalderdagar” for born, og liknande. Ei kontrollert tilrettelegging er difor vurdert som eit sikringstiltak for å unngå aktlaus skade. Det er stilt krav om skjøtselsplan som avbøtande tiltak i høve til reguleringsplan for området, og kommunen vil vera lokal forankring i prosjektet. Ei tilrettelegging vil inkludera skilt og formilding via internett, merking og dels omlegging av sti, skjøtsel og skjøtselsplan, og eventuelt andre tiltak.

BARK: Ja

Nivå: Middels


3. Kollhaugen, Vaksdal sentrum

ID 25651

Haugen er skadd av dyrking og skytestilling under krigen. Den er likevel framleis synleg, og ligg i sentrum tett ved veg. Eit formidlingsskilt her vil verte sett av mange, og kan vera ein lett måte å få opp medvita om arkeologiske kulturminne som tema. Ei eventuell tilrettelegging vil verte gjort i samråd med kommune og grunneigar.

BARK: Ja

Nivå: Lite



Voss kommune

Det er registrert 187 arkeologiske lokalitetar i Voss kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Ingen

1. Sundve, Sausjord ID 138007

Her var det registrert eit kokegropfelt, som ved utgraving viste seg vera eit ringforma tunanlegg. Totalt var her tolv langhus og eitt firestolpershus. Det sto ein sentral stolpe i sentrum av tunanlegget. Dette er eit eineståande anlegg, og lokaliteten vart utgraven i 2011. Fylkeskommunen har tidlegare lova eit formidlingskilt her, som skal setjast opp i samarbeid med Universitetsmuseet i Bergen. Det er laga fleire virtuelle rekonstruksjonar av anlegget, og på sikt er det ynskje om å få rekonstruert eitt av langhusa. Det er ein inspirerande stad å leggja til rette for formidling, og dersom rekonstruksjonen er vellukka kan ein på sikt sjå på moglegheitene for å rekonstruera fleire hus. I fyrste omgang er det skilting av lokaliteten som er prioritert, parallelt med at arbeidet med rekonstruksjon vert starta opp.

BARK: Ja

Nivå: Stort

2. Byrkjehaugen ID 66558

Byrkjehaugen er ein stor og velkjent gravhaug. Haugen ligg tett i E16 og er svært godt synleg når ein passerer med bil. Det er gjort utgraving i haugen, det er mykje å formidla om kulturminnet. Det er ikkje tilkomst pga slåttemark og ingen avkjørsel frå vegen. Haugen kan formidlast med skilt på rasteplassar i kvar retning frå haugen, så folk kan sjå den frå bilen. Desse skilta bør vera universelt utforma. Haugen er Voss kommune sitt prioriterte kulturminne for skjøtsel.

BARK: Nei

Nivå: Lite

3. Gjerdåker, Mulane ID 109390, 64243

På Gjerdåker ligg ein øydegard i eit område som er dels nytta som kulturbeteite. Her er registrert ni synlege tufter og plattingar, og rett ved ligg det ein gravhaug som er om lag 14meter i tverrmål og 1 meter høg. Det går veg opp til området. Det bør merkast kva som er beste tilkomsten til området, og det må utarbeidast ein skjøtselsplan for området. Beiting med småfe er ideelt for skjøtsel av denne typen område. Rydding og merking av sti, og formidling gjennom skilt eller eventuelt folder vil gjera dette til eit flott område for tur- og kulturopplevelingar. Ein kan knyta tilrettelegginga opp mot folkehelsetiltak ved å merka stien vidare til andre område.

BARK: Ja

Nivå: Middels


4. Kvitlastølen, Øyne

ID 114504 med fleire

I eit gammalt stølsområde er det her registrert eit stort tal kulturminne med dateringar frå bronsealder og til nyare tid. Storparten av kulturminna er truleg frå jernalder og middelalder. Her er mellom anna registrert 18 tufter, fleire skålgrøpsteinar, innhegningar og anna. Truleg er det framleis fleire kulturminne i dalføret me ikkje kjenner til. Kulturminna er svært interessante, og kan vera med på å kasta lys over forhistoria i fjellet. Kulturminna er vanskelege å sjå, og utan formidling vil truleg dei fleste ikkje leggja merke til dei. Aktuelle tiltak er merking av sti, merking av einskilde kulturminne, utarbeiding av folder og skilting av nokre kulturminne.

BARK: Ja

Nivå: Middels



Øygarden kommune

Det er registrert 161 arkeologiske lokalitetar i Øygarden kommune.

Eksisterande tilretteleggingar med formidlingsskilt:

Ingen

1. Herdlevær, Skogsøy

ID 94759

Inst i vika ligg ein fjøremannsplass med synlege tufter og båtopptrekk. Her er gjort skade på lokaliteten i at det er mura opp ei ny ”tuft”. Bergen og omland friluftsråd er engasjert i saka. Det er ynskje om at ein kan få ordna opp i stiane ut til området, og få sett opp eit skilt som formidlar kulturminna. Den nye oppmuringa må fjernast, og det bør lagast til ei grue i god avstand til lokaliteten så bålbruning og tilsvarande aktivitet vert flytta hit. Det er laga utkast til skjøtselsavtale for lokaliteten, og ein har starta arbeid med eit skilt.

BARK: Nei, tidlegare tildelt midlar.

Nivå: Middels

2. Rong, ”Rongeloftshillaren”

ID 126813

Hellaren er utgraven, og her er parkering. Det må merkast frå parkeringsplassen til hellaren, og det er mogleg å leggja til rette for universell tilgjenge til lokaliteten. Det må lagast skilt og skjøtselsplan. Her er fleire funn som gjer hellaren eigna for formidling. Hellaren vart utgraven på grunn av skade ved utviding av veg. Vegen gjer hellaren universelt tilgjengeleg.

BARK: Ja

Nivå: Lite

3. Steinaderlokaltetar på Tjeldstø

ID 111334 med fleire

Det er gjort ei rekke utgravningar av steinalderlokaliatar i Øygarden kommune. Lokalitetane har stort sett lagt i område som i dag er mykje utbygt. Informasjonen desse utgravningane har gitt om bruken av området i steinalderen bør gjerast tilgjengeleg for publikum. Ei formidling av steinalder generelt frå ein sentral stad i kommunen der det ligg att nokre steinalderlokaliatar kan vera eit aktuelt tiltak. Det må gjerast eit utval og ei vurdering av kvar eit slikt skilt skal plasserast. På Tjeldstø ligg det framleis lokalitetar, og ein kan eventuelt knyta generell formidling av steinalder opp mot desse. Prosjektet må avklarast nærmere i samråd med kommunen.

BARK: Ja

Nivå: Lite



Litteratur

- Kommunedelplan for kulturminner Askøy kommune – ikke vedteken
- Kulturminnevernplan for Modalen kommune – August 2000
- Handlingsplan for kulturvern i Masfjorden kommune 2008-2012
- Melding om kulturminnevernet i Kvinnherad kommune, 1987
- Kommunedelplan for kulturminne i Voss 2004-2007
- Kommunedelplan for kulturminne Jondal kommune 2009-2020
- Kommunedelplan for kulturvern Fusa kommune, vedteken 1998
- Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø Stord kommune
- Tilretteleggingsplan for kulturminne 2007-2009 Eidfjord kommune
- Fylkesdelplan for kulturminne 1999-2010 ”Kultur viser veg”. Hordaland fylkeskommune
- Plan for kulturminnevern i Vaksdal kommune 2011-2015 – Høyringsdokument
- Kulturplan for Samnanger kommune 2009-2013 ”Kultur for alle”
- Kommunal plan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø, 2008-2011. Radøy kommune

Nettsider:

Fana idrettslag

<http://turorientering.no/fana/opplegg/388>

Os guide 2008

http://www.visitos.no/pdf/Os_guide_NO.pdf

Steinriket Bømlo

<http://steinriketbomlo.no>

Den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden

<https://askeladden.ra.no/askeladden/>

Førhistoriske minne på Vestlandet

http://www.dokpro.uio.no/arkeologi/fett/fett_ramme.html

Vedlegg

1. Informasjon om høvet mellom BARKrapport og skjema for tilstandsregistrering (BARK skjema)
2. Prioriteringsliste BARK
3. Oppsummering av alle eksisterande tilretteleggingsprosjekt

Vedlegg 1

Høvet mellom BARK-rapport og skjema for tilstandsregistrering

Dette vedlegget skildrar og utdjupar dei vurderingar, omgrepsdefinisjonar og kriteria som er nytta i rapporten, og omhandlar korleis skjemaet er fylt ut og høvet mellom skjema for tilstandsregistrering og rapport.

Kva er eit tilrettelagt kulturminne?

Det er ei vurderingssak kva som skal til for at eit kulturminne skal reknast som tilrettelagt og formidla for publikum. Det er vanleg at formidlingsskilt omhandlar fleire lokalitetar, eller at eit skilt som primært omhandlar ein lokalitet inkluderer eit oversiktskart der alle lokalitetar i området er avmerka. Desse lokalitetane er då formidla for publikum, men i svært avgrensa grad. Eit einskilt prosjekt kan dekka mange lokalitetar, men det vil likevel vera eitt tilretteleggingstiltak. Til dømes er ei kulturløype eit einskild prosjekt, trass i at den kan dekka mange lokalitetar. Eit minimumskrav for eit tilretteleggingsprosjekt er at det skal omfatta eit formidlingsskilt anten i regi av eller godkjent av Hordaland fylkeskommune, eller at her er guiding eller formell formidling gjennom andre hjelpemiddel. Dei to siste kategoriene er ikkje i bruk i Hordaland, med unntak av mindre grad av guiding i skipshellaren.

I dette prosjektet er det fordelinga av formidlingsskilt som er nytta som det avgjerande kriteria for kva kommunar som har tilrettelagte arkeologiske kulturminne. Prosjekt der formidling skjer gjennom ein folder men det er sett opp eit hovudskilt er rekna med i desse.

Bergkunstlokalitetar utan skilt men der det er rampe, plattform og liknande, er tatt med i oversikta over formelle tilretteleggingsprosjekt, men er ikkje rekna med i statistikken over kva kommunar som har tilrettelagte arkeologiske kulturminne. Eit formidlingsskilt eller folder er altså eit minimumskrav for kva som skal til for at ein lokalitet skal vera rekna som tilrettelagt for publikum.

I nokre tilfelle er ein lokalitet formidla av to ulike aktørar utan at det er samanheng mellom formidlingsprosjekta.

Tilrettelagte arkeologiske kulturminne i Hordaland

Ved gjennomgang av kva eksisterande tilretteleggningar som finst, er det ikkje tatt omsyn til Nordsjøløypa. Dette vart vurdert å vera for omfattande for prosjektet.

Hordaland fylkeskommune kjenner til at det vert gjort ei rekke tilretteleggningar av arkeologiske kulturminne på lokalt initiativ. Desse er det uråd å ha oversikt over med mindre prosjekta er omsøkt eller varsla, eller med mindre det vert oppdagat ved synfaringar eller liknande. Nokre av desse tilretteleggningane er det komme informasjon om gjennom dette prosjektet. Det eksisterer truleg mange fleire av desse tilretteleggningane enn det som er omtalt i denne rapporten. På 1990-talet vart det gjort fleire tilretteleggningar av Bergkunstlokalitetar med rampe og plattform. Her er det òg i nokre tilfelle satt opp formidlingsskilt. Desse prosjekta er gjort etter initiativ frå Hordaland fylkeskommune og i samarbeid med Universitetsmuseet i Bergen.

Grunnen til at ein i dette prosjektet har skild mellom tilretteleggingar med skilt eller folder i regi av fylkeskommunen (formelle prosjekt) og andre tilretteleggingar, er i hovudsak at ein her har kontroll på kvaliteten til den informasjonen som vert formidla, og det er desse prosjekta ein har størst oversikt over. Kulturløypa Halsnøy Kloster er rekna med blant dei formelle prosjekta då dette prosjektet er på det nærmeste ferdigstilt og skilta er under produksjon. Skipshellaren i Vaksdal er i hovudsak eit kommunalt prosjekt, men då det står eit formidlingsskilt her og prosjektet er i regi av kommunen og godt opplyst er dette òg rekna som eit av dei formelle prosjekta som avgjer kva kommunar som har tilrettelagte kulturminne.

Om rapporten

For lettare oversikt over den einskilde kommune er dei ”formelle prosjekta”, eksisterande tilretteleggingar i regi av Hordaland fylkeskommune, lista opp før nye prioriteringar i kvar einskild kommune.

Der det er planlagt tilrettelegging av eit kulturminneområde eller kultursti er bergkunst i nokre tilfelle eitt element i eit slikt område. I Modalen kommune er tilrettelegging av ein bergkunstlokalitet fyrste prioritet. Dette er gjort på grunnlag av det sterke kommunale ynskje om å få tilrettelagt denne lokaliteten, at staden er svært eigna for tilrettelegging, og at det er svært få lokalitetar i denne kommunen som er eigna for tilrettelegging og formidling.

Om utfylling av skjemaet

- Då tilretteleggingsprosjekt ofte er retta mot eit område og ikkje ein ein skild lokalitet, er det i fleire tilfelle vilkårleg kva lokalitet som er vald ut for å leggjast inn i BARK-skjemaet. Meir nøyaktig om kva som er tenkt formidla i kvart prosjekt er nemnt i skildringa av dei ulike prosjekta. I BARK-skjemaet er det kommentert i kolonne BJ ”Generelle merknader” kva prosjekt det er snakk om i den einskilde kommunen.
- Ved kulturstiar og prosjekt som formidlar mange lokalitetar gjennom enkel avmerking på kart er det gjort eit utval med omsyn til kva lokalitetar som er lagt inn i BARK-skjemaet. Lokalitetar som er særskild nemnt på skilt eller i folder er lagt inn i skjemaet, medan lokalitetar som berre er avmerka som punkt på kart er lista opp i rapporten under skildringa av tilretteleggingsprosjektet. Det er kommentert i kolonne BJ ”Generelle merknader” dersom formidlinga av ein lokalitet høyrer til eit større prosjekt. Der det er snakk om kulturløyper med mange postar kan det vera svært mange lokalitetar lagt inn på eit einskild prosjekt.
- Ved lokalitetar som er prioritert for tilrettelegging men der det ikkje er gjort arbeid frå før er det ikkje avmerka informasjon om at her ikkje er tilrettelegging, gjerder, skilt, og så vidare. Desse kolonnane står tomme med mindre det er et eksisterande prosjekt.

Vedlegg 2 Prioriteringsliste BARK

Pri	Kommune	Stad	Lokalitetsnamn/prosjektnavn	Askeladden-ID	Kulturminneart	Aktuelle tiltak	Storleik	Estimert kostnad
1	Askøy	Hop	Kongshaugen	91779	Gravminne	Skilt og skjøtselsplan	Lite	0-50.000
2	Askøy	Herdla	Nesseborgen	91771	Bygdeborg	Sti, skilt, skjøtselsplan	Middels	50-150.000
3	Askøy	Guldbrandsøy	Gulbrandsøy	91770	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
4	Askøy	Ask	Kongshaugen	91737	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
1	Austevoll	Norddalen	Kongsfjell	6686 m.fl	Gravminne	Merking sti, skjøtsel, skilt/folder/internett	Middels	50-150.000
2	Austevoll	Drivenes	Drivenes	145498 m.fl.	Steinalder	Formidling i samband med kongsfjellet sti/folder/skilt	Middels	50-150.000
3	Austevoll	Storebø	Storebø	97714	Gravminne	Skjøtselsplan, skjøtsel, skilt.	Lite	0-50.000
4	Austevoll	Eidsbøen	Ungdomsskulen	55434	Gravminne	Skjøtselsplan, skjøtsel, skilt	Lite	0-50.000
5	Austevoll	Bekkjarviksundet	Kolhaugen	25768	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
1	Radøy/Austrheim	Fosenstraumen	Fosenstraumen	66458 m.fl	Steinalder	OPPGRADERING. Toalett og utbetring parkering, Nye skilt. Skjøtselsplan, aktivitetsområde, internettformidling	Stort	300-600.000
2	Austrheim	Kaland	Ikornsåta	110087	Øydegard	Skilt, sti, skjøtsel og skjøtselsplan	Lite	0-50.000
1	Bergen	Fyllingen	Gjeddevann	95708, 95722 m.f.	Steinalder	Sti, skjøtsel, skilt, folder	Middels/stort	150-300.000
2	Bergen	Flesland	Fleslandsvisa	25776	Nausttuft	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
3	Bergen	Hatlestad	Leikneshaugen	55448	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
4	Bergen	Årstad	Isdalens	113868	Gravminne	Bra prosjekt, men tentativt. Litt tidleg.	Middels	50-150-000
5	Bergen	Ruskeneset	Ruskeneshellaren	25782	Heller	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
6	Bergen	Ervika	Vollane	103193 m.fl	Busetjingsspor	Skilt på sikt, men planlagt graving må gjennomførast først.	Lite	0-50.000
1	Bømlo	Langevåg	Sokkamyra, m.fl	66745, m.fl	Steinalder	OPPGRADERING: Skjøtselsplan, benkar, publikumsanlegg,	Middels	50-150.000
2	Bømlo	Berge	Bergesfjellet	90572	Bygdeborg	Sti, skilt/folder,	Middels	50-150.000
3	Bømlo	Nedre Nese	Nese	55470 m.fl	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
4	Bømlo	Grindheim	Vardhaug	66723	Gravminne	Skjøtsel, skilt, skjøtselsplan	Lite	0-50.000
1	Eid fjord	Hæreid	Hæreidterrassen	110228 m.fl	Gravminne	OPPGRADERING: Aktuelle tiltak for vurdering er toalett/Nye skilt/Skjøtselsplan/aktivitetsområde	Stort	300-600.000
2	Eid fjord	Hjølmo	Hjølmo	Fleire	Kulturløype	Ferdigstilling. Hovudskilt	Middels	0-50.000
3	Eid fjord	Lægreid	Lægreid	Fleire	Kulturløype	Ferdigstilling. Merking og hovudskilt	Middels	0-50.000
4	Eid fjord	Øvre Eid fjord	Øvre Eid fjord	Fleire	Kulturløype	Ferdigstilling. Merking og hovudskilt	Middels	0-50.000
5	Eid fjord	Sysendalen	Fet	110941 m.fl	Gravminne	Tursti, folder, internett, skjøtsel, parkering	Middels	50-150.000
1	Etne	Stødle	Stødleterrassen	150278	Gravminne, helleristning	OPPGRADERING: Senter, toalett, skilt/folder/internett. Delvis Universell tilrettelegging	Stort	300-600.000
2	Etne	Vinja	Vinja	90216 m.fl	Kulturlandskap	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
3	Etne	Matskor	Borgaråsen	90166	Bygdeborg	Skilt, stimerking, skjøtsel	Lite	0-50.000
4	Etne	Grindheim	Grindheim	90171 m.fl	Kulturlandskap	Skjøtselsplan og skilt	Middels	50-150.000
5	Etne	Vad	Hushaug	90172	Bygdeborg	Skjøtsel, skilt, sti og parkering	Lite	0-50.000
1	Fedje	Kopper	Sildevågen	97125	Steinalder	Skilt, sti og skjøtselsplan	Lite	0-50.000

1	Fitjar	Skumsnes	Skomsnes	45808 m.fl	Gravminne	Merke sti, skilt/folder/internett.	Middels	50-150.000
2	Fitjar	Vespestad	Bustaleitet	45809 m.fl	Gravfelt og bergkunst	Skilt og parkering	Lite	50-150.000
1	Fjell	Geitvika	Geitvika	143748 m.fl	Buplass	Skjøtselsplan og skilt	Middels	0-50.000
2	Fjell	Kolltveit (bildøy)	Kolltveit	127360 m.fl	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
3	Fjell	Vindenes	Høibøen	64065 m.fl	Øydegard, steinalder	Skilt, merking og utbetring av sti, parkering, skjøtselsplan	Middels	300-600.000
1	Fusa	Refsvika	Refsvika	35769	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
2	Fusa	Kikedalen	Kikedalen	64084	Øydegard	Merking frå sti, informasjon på internett, folder?, Skjøtselsplan	Middels	50-150.000
3	Fusa	Hjartnes	Hjartnes	16154 m.fl	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
4	Fusa	Vinnes	Vinnes	25863 m.fl		Skilt/folder i samband med tursti i området. Treng avklaring.	Middels	50-150.000
5	Fusa	Samnøy	Samnøy	35768, 6335,m.fl	Gravminne og bergkunst.	Sti, skjøtselsplan og skilt	Lite	50-150.000
6	Fusa	Vinnes	Revhaugen	64090	Gravminne	Nytt skilt, merke tilkomst	Lite	0-50.000
1	Granvin	Hause	Munkarøysi	55574	Gravminne og steinalder	Folder, merking, med meir	Lite	0-50.000
2	Granvin	Seim	Allmenning	108555, m.fl	Diverse	Skilt/internett	Lite	0-50.000
3	Granvin	kommuen	Generell forhistorie området	108530 m.fl	Diverse	Skilt/internett	Lite	0-50.000
1	Jondal	Herand	Vik	112436	Nausttuft	Skjøtselsplan, skjøtsel, skilt.	Lite	0-50.000
2	Jondal	Byrkjebein	Byrkjebein	112441, 112440	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
3	Jondal	Jondal	Kataunes	112445	Nausttuft	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
4	Jondal	Herand	Herand	91280 m.fl	Heller	Oppgradering lokalt tiltak. Skilt til eksisterande kultursti.	Middels	0-50.000
5	Jondal	Solesnes	Kvernuri	Ingen ID	Skiferbrot	Skilt	Middels	50-150.000
1	Kvam	Hamn	Hamn	105686, 105688	Nausttuft	Skjøtselsplan, sikring, skilt, skjøtsel	Middels	150-300.000
2	Kvam	Aksnes	Aksnes	97541	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
3	Kvam	Nordheimsund	Sandven	97503	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
4	Kvam	Blyberg	Blyberg	97426	Diverse	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
5	Kvam	Ljoneshalvøya	Ljoneshalvøya	97441 m.fl	Gravminne	Folder, skjøtsel, skilt	Middels	50-150.000
6	Kvam	Skjering	Breiemne	105680	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
7	Kvam	Norheim	Gullurd	97443	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
8	Kvam	Vikedal	Ålvik	97487 m.fl	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Middels	0-50.000
1	Kvinnherad	Sjo	Larsstø	72972	Gravminne	OPPGRADERING. Nytt skilt, skjøtsel	Lite	0-50.000
2	Kvinnherad	Rosendal	Rosendal	109023 m.fl	Fredingsområde	Kultursti	Stort	600.000 -
3	Kvinnherad	Syndes	Sundnes	66380 m.fl	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	50-150.000
4	Kvinnherad	Gjerde	Mauranger	72967	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
5	Kvinnherad	Høylandsbygd	Slettanes	72966	Gravminne	Skilt, sti, folder, skjøtsel	Middels	50-150.000
-	Kvinnherad	Melskapellet				Skjøtselsplan og skilt	-	-
1	Lindås	Fosse	Fosse	115740m.fl	Gravminne	Skilt, skjøtselsplan, skjøtsel, sti, parkering	Middels	50-150.000

2	Lindås	Fammestad	Fammestad	72986	Øydegard	Skjøtselsplan og skilt	Middels	50-150.000
3	Lindås	Hope	Hope	55188 m.fl	Gravminne. Kultursti	Skilt og sti.	Lite	0-50.000
4	Lindås	Alverstraumen	Kongsoyna	15789 m.fl	Gravminne	Skjøtsel og skilt/anna formidling	Lite	0-50.000
1	Masfjorden	Treet	Matersdalen	150447	Tufter	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
2	Masfjorden	Sætene	Sætene	Ingen ID	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
1	Meland	Leirvik	Leirvik	108033 m.fl	Steinalder med meir	Formidling brosjyre? Skilt?internett	Middels	50-150.000
2	Meland	Fosse	Fosse	25512	Gravminne	Ved turveg. Skilt denne og anna røys?	Lite	0-50.000
3	Meland	Setre	Setre	55208	Gravminne	Merking, skilt, skjøtsel	Lite	0-50.000
4	Meland	Flatøy	Flatøy	107938	steinalder	Formidling	Lite	50-150.000
1	Modalen	Mostraumen	Seljaneset	91322	Bergkunst	Nattlysing, skilt, formidling	Middels	50-150.000
2	Modalen	Heller	Nottveit	91306	Heller	Skjøtselsplan, skjøtsel, skilt	Lite	0-50.000
1	Odda	Seljestad	Seljestad	107458 m.fl	Jernvinne	Skilt/folder, skjøtsel, sti	Middels	50-150.000
2	Odda	Apold	Apold	101894	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
3	Odda	Sandvin	Sandvin	101841	Bygdeborg	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
4	Odda	Berge	Berge	101832	Bygdeborg	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
1	Os	Hauge	Hauge	103257 m.fl	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
2	Os	Vargavågen	Vargavågen	55238 m.fl	Diverse	Kmskilt, merking av sti, parkering, skjøtselsplan	Middels	150-300.000
-	Os	Lysekloster				Skjøtselsplan og skilt	-	-
1	Osterøy	Lonevåg	Ståvika	55248	Nausttuft, gravminne	skjøtselsplan, skilt, sti.	Lite	0-50.000
2	Osterøy	Gjerstad	Gjerstad	135899 m.fl	Gravminne	OPPGRADERING: Flere kulturminne,folder,internettformidling.	Middels	0-50.000
1	Radøy/Austrheim	Fosenstraumen	Fosenstraumen	66458 m.fl	Steinalder	OPPGRADERING: Toalett og utbetring parkering.Nye skilt. Skjøtselsplan	Stort	300-600.000
2	Radøy	Flona og Toska	Flona og Toska	91044 m.fl	Steinalder	Skilt/folder, merking, internett?	Middels	50-150.000
3	Radøy	Småsvelingane	Småsvelingane	60572	Gravminne	Skjøtselsplan, skjøtsel, skilt?	Lite	0-50.000
4	Radøy	Kvolmesundet	Kvolmesundet	45503	Gravminne	Skjøtselsplan, skjøtsel, skilt.	Lite	0-50.000
1	Samnanger	Samnanger	Samnanger	97618, 97619	Steinbrot	Sti, parkering, skjøtselsplan og skilt	Middels	50-150.000
2	Samnanger	Tysse	Ytre Tysse	129582-4	Busetjingsspor	Skilt/internett	Lite	0-50.000
1	Stord	Hystad	Hystadmarka	35508 m.fl	Gravminne	OPPGRADERING: Skjøtselsplan og nye skilt	Middels	50-150.000
2	Stord	Rommetveit	Rommetveit	45542, 15870	Nausttuft, gravminne	Skjøtselsplan, skjøtsel, skilt	Liten	0-50.000
3	Stord	Føyne og Digernes	Føyne og Digernes	129523 m.fl	Kulturminneområde	Merking, skilt/folder/internett	Middels-stort	150-300.000
4	Stord	Hatland, heiane	Heiane	147434 m.fl	Kokegrop, tufter	Kulturpark for området.	Middels-stort	150-300.000
1	Sund	Hummelsund	Hummelsund	66507 m.fl	Diverse	Merking sti, skjøtsel, skilt/folder/internett	Middels	50-150.000
2	Sund	Midttveit	Midtveit	45559	Øydegard	Skjøtselsplan, skjøtsel, skilt,	Middels	50-150.000
3	Sund	Store Risøyna	Store Risøyna	45557 m.fl	Tufter	Formilding frå fastland. Skilt og info på internett	Lite	0-50.000
4	Sund	Skaganeset	Kvalvågen	97070 m.fl	steinalder og kvalfangst	Folder, skjøtselsplan, skilt, sti, Parkering	Middels	50-150.000
1	Sveio	Røykjenes	Børshovda	106039	Bygdeborg	Skilt og skjøtsel	Lite	0-50.000
2	Sveio	Sveio	Istertveit	106073	Gravminne og bautasteinar	Skilt, skjøtsel og merking	Lite	0-50.000

3	Sveio	Hauge	Tittelsnes	106019,106	Gravminne	Skilt, skjøtsel og merking	Lite	0-50.000
4	Sveio	Eilerås	Litleåsbakken	106009	Gravminne	Skilt, eventuell merka sti	Lite	0-50.000
5	Sveio	Fjon	Fjon	102236 m.fl	Heller	Skilt, skjøtsel, merka sti	Lite	0-50.000
1	Tysnes	Tysneset	Tysnes prestegård	45567m.fl	Diverse	Lokalt tilrettelagt. Oppgradering	Lite	0-50.000
2	Tysnes	Våge	Våge	66526	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
3	Tysnes	Uggdalsdalen	Uggdalsdalen	115763 m.fl	Gravminne	OPPGRADERING: Skjøtselsplan, stifolder, parkering, (evt rasteplass)	Middels	50-150.000
4	Tysnes	Meland	Årbakka	35534	Gravminne	OPPGRADERING: Skjøtselsplan, internettformidling	Middels	50-150.000
5	Tysnes	Myklestad	Hallgjerdsvika og 1	15895,60628	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
6	Tysnes	Onarheim	Onarheim	148878 m.fl	Diverse	Formidling ved skule av generell kulturhistorie	Middels	50-150.000
1	Ullensvang	Kinsarvik	Skiparstod	100973 m.fl	Nausttuft, kyrkje og bakke framfor kyrkja.	Skjøtselsplan, sikring, skilt	Middels	150-300.000
2	Ullensvang	Hesthammer	Steinkrossen	100891	Steinkross	Skjøtselsplan, skilt, merking av sti	Lite	0-50.000
3	Ullensvang	Alsåker	Meldestveit	100791 m.fl	Gravminne	Meldestveit. Fleire røyser opp dal. Turløype	Middels	50-150.000
4	Ullensvang	Allmannaveg	Munketrappene	Ingen ID	Veg	Skilt, skjøtselsplan,internett	Lite	50-150.000
1	Ulvik	Viknes	Hylmestveita	25645	Gravminne	Skjøtselsplan, skjøtsel, skilt, parkering	Middels	50-150.000
2	Ulvik	Syse, Tunheim	Lekve	66539 m.fl	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
3	Ulvik	Nesheim	Bruravik	25644	Gravminne	Skilt eller annan formidling ved fergekai	Lite	0-50.000
4	Ulvik	Hallanger	Messekleiv	25642	Bautastein,	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50-000
1	Vaksdal	Straume	Skipshellaren	15917	Steinalder	OPPGRADERING: Skjøtselsplan og nytt skilt	Stort	0-50.000
2	Vaksdal	Stanghelle	Tettaneset	35553	Gravminne	Skjøtselsplan, skilt, sti Parkering	Middels	150-300.000
3	Vaksdal	sentrum	Kollhaugen	25651	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
1	Voss	Sundve	Sausjord	138007	Tunanlegg	Skilt, internett	Stort	300-600.000
2	Voss	Bø	Byrkjehaugen	66558	Gravminne	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
3	Voss	Gjerdåker	Mulané	109390,	Øydegard	Sti, merking, formidling (skilt/folder/internett)	Middels	50-150.000
4	Voss	Kvitlastølen	Øyne	114504 m.fl	Bergkunst,tufter,kolgroper	Skilt, merking og folder	Middels	50-150.000
1	Øygarden	Skogsoy	Herdlevær	94759, m.fl	Tufter	Skjøtselsplan, skilt, rasteplass.	Middels	0-50.000
2	Øygarden	Rong	Rongelofthillaren	126813	Heller	Skjøtselsplan og skilt	Lite	0-50.000
3	Øygarden	Tjeldstø		111334 m.fl.		Generell formidling steinalder	Lite-middels	0-50.000

Vedlegg 3 Oppsummering av alle eksisterande tilretteleggingar

KOMMUNE	LOKALITETSNAMN	ID	ART	EKSISTERANDE TILRETTELEGGING	NIVÅ
Austrheim/Radøy	Fosenstraumen	66458 m.fl	Steinalder	Parkering, kultursti, skilt	Stort
Bergen	Stend	55451	Nausttuft	Skilt	Lite
Bergen	Sedal	60467	Gravminne	Skilt	Lite
Bømlo	Hespriholmen	90573	Steinbrot	Skilt. Internettformidling	Middels
Bømlo	Siggjo	6716 m.fl	Steinbrot	Skilt. Internettformidling	Middels
Bømlo	Sokkamyra, m.fl	66745, m.fl	Steinalder	Skilt	Middels
Eidhfjord	Hæreidterrassen	110228 m.fl	Gravminne	Parkering, kultursti, skilt	Middels
Etne	Stødleterrassen	150278	Diverse	Skilt	Lite
Etne	Bruteigsteinen	90158	Bergkunst	Skilt, plattning, gjerde	Middels
Etne	Duesteinen	90133	Bergkunst	Parkering, sti, plattning	Middels
Etne	Vilomshaugen	129921	Gravminne	Skjøtselsplan	Lite
Etne	Ebna	90205	Gravminne	Skilt	Middels
Etne	Borgaråsen	90166	Bygdeborg	Sti, internett	Lite
Fitjar	Rimsvarden	16130 m.fl	Gravminne	Skilt, skjøtselsplan, kultursti, parkering	Middels
Fusa	Mattisbrekka	64091	Bergkunst	Skilt	Lite
Fusa	Kikedalen	64084	Øydegard	Kort kommentert på skilt om turstiar	Lite
Fusa	Revhaugen	64090	Gravminne	Skilt	Lite
Jondal	Kaldhagen	105587	Bergkunst	Skilt, gjerde, sti	Middels
Jondal	Herand	91280 m.fl	Hellarar	Kultursti	Middels
Kvam	Salthammaren	97522	Bergkunst	Parkering, skilt, sti, plattning, gjerde	Middels
Kvinnherad	Larsstø	72972	Gravminne	Gjerde, skilt	Lite
Kvinnherad	Åkra	95872	Hustuft	Skilt, overflatemarkering	Middels
Kvinnherad	Skåla	Fleire	Diverse	Skilt	Lite
Kvinnherad	Seimsfoss	Fleire	Diverse	Skilt	Lite
Kvinnherad	Skarvastein	45428 m.fl	Diverse	Sti, skilt, skjøtselsplan	Middels
Kvinnherad	Tjoberghaugen	6386	Bygdeborg	Sti, skilt	Lite
Kvinnherad	Bjelland	35829, 45425	Gravminne	Sti, skilt	Lite
Kvinnherad	Krekjahaugen	15776	Gravminne	Skilt	Lite
Lindås	Håkonshaugen	66400	Gravminne	Skilt, gjerde	Lite
Odda	Seim	Fleire	Diverse	Skilt, museum	Middels
Os	Vargavågen	55238 m.fl	Diverse	Sti, skilt	Lite
Osterøy	Gjerstad	Fleire	Gravminne	Skilt, kultursti, parkering, folder	Lite
Stord	Hystadmarka	Fleire	Gravminne	Skilt, kultursti	Middels
Stord	Huglo	60602	Gravminne	Skilt	Lite
Sveio	Bua	106002	Gravminne	Skilt, sti	Lite
Sveio	Håskru/Lyngholm	106028, 106029	Gravminne	Skilt, sti	Lite
Sveio	Geitalemen	106016	Steinalder	Skilt, sti	Lite
Tysnes	Uggdalsdalen	115763 m.fl	Gravminne	Skilt	Middels
Tysnes	Årbakka	35534	Gravminne	Skilt	Middels
Tysnes	Tysneset	45567 m.fl	Diverse	Skilt	Lite
Ullensvang	Tveitane	105726	Bergkunst	Skilt, plattning	Middels
Ullensvang	Håhaugsteinen	101639	Bergkunst	Skilt	Middels
Ulvik	Lekve, Tunheim	66539 m.fl	Gravminne	Skilt? Skjøtsel	Lite
Vaksdal	Skipshellaren	15917	Steinalder	Skilt, toalett, sti, publikumsanlegg	Middels



Kultur- og idrettsavdelinga
Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00
www.hordaland.no